Miljødirektoratets tilråding til Klima- og miljødepartementet om etablering av

DALSFJORDEN MARINE VERNEOMRÅDE

6. juni 2024

Innhald

1 Forslag ... 3
2 Heimelsgrunnlag og bakgrunn for verneforslaget ... 3
2.1 Relevante tiltak ... 5
2.2 Kunnskapsgrunnlag ... 6
2.3 Verneverdiar ... 7
3 Sakshandsaming ... 9
4 Viktige endringar under planprosessen ... 9
4.1 Avgrensing og arealomfang ... 9
4.2 Verneforskrifta ... 9
4.3 Namnsetjing ... 10
5 Verknader av vernet ... 10
5.1 Problemformulering ... 10
5.1.1 Eigenskapar ved området ... 10
5.1.2 Påverknadsfaktorar og trugsmål mot verneverdiar ... 12
5.1.3 Nullalternativet ... 13
5.2 Målsetningar ... 14
5.3 Relevante innretningar for det føreslegne verneområdet ... 14
5.4 Prinsipielle spørsmål ... 14
5.5 Vurdering av positive og negative verknadar av vern ... 14
6 Høyringsinnspel ... 15
6.1 Høyringspartar og uttalar ... 15
6.2 Merknader til høyringsforslaget med kommentarar ... 16
6.2.1 Generelle merknader og haldningar til vern ... 16
6.2.2 Kommune- og reguleringsplanar ... 17
6.2.3 Fysiske inngrep og utslepp ... 18
6.2.4 Fiske og akvakultur ... 27
6.2.5 Kulturminne ... 28
6.2.6 Forvaltningsstyresmakt ... 28
6.2.7 Andre forhold knytt til forslaget til verneforskrift og avgrensing ... 29
7 Forvaltnings- og budsjettmessige vurderingar ... 30
7.1 Forvaltningsstyresmakt ... 30
7.2 Forvaltningsplan og kartlegging ... 30
7.3 Kostnader, medrekna erstatning ... 30
8 Miljødirektoratets tilråding ... 31

1 Forslag

Miljødirektoratet tilrår at Dalsfjorden marine verneområde vert oppretta med heimel i Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova).

Det føreslegne marine verneområdet omfattar eit sjøareal på 10,7 km^2, alt er nytt verneareal.

Øvre avgrensing av området er føreslått til to meter under sjøkartnull, med visse unntak; mellom anna inngår tidevassona i verneforslaget i delar av området. I desse delane av området omfattar forslaget privat grunn, men dette utgjer ein liten del av det føreslegne vernearealet.

2 Heimelsgrunnlag og bakgrunn for verneforslaget

Norske kyst- og havområde har stor variasjon av naturtypar og levestader for arter. Faktorar som temperatur, saltinnhald, tilgang på lys, forskjellar i tidevatn og botntypar påverkar kva som finst kor. Floraen og faunaen langs kysten vår endrar seg i tillegg etter breiddegrad og til dels lengdegrad, frå den ytre sokkelen, til innerst i fjordbotnen, og frå sjøkanten der tidevatnet fell og flør, til djupe basseng på sokkelen og i fjordar. Døme på spesielle marine verneverdiar er kaldvasskorallrev, som finst både inne i fjordane og ute på sokkelen. Mangfaldet av naturtypar, artar og genar har utvikla seg gjennom lang tid. Å bevare representative område sikrar dette mangfaldet for generasjonar som kjem etter oss. Bevaring bidreg i tillegg til å sikre område av spesiell verdi for plantar og dyr og sårbare og trua naturtypar i område av internasjonal, nasjonal og regional verdi.

Området vert foreslått verna som marine verneområde med heimel i naturmangfaldlova § 39.

Det går fram av § 39 at det kan opprettast verneområde i sjø for å beskytte marine verneverdiar, medrekna naturverdiar som er økologiske føresetnader for landlevande artar. Eit bredt spekter av verneføremål er lista opp i § 39. Marine verneområde kan omfatte sjøbotn, vassøyle, overflate eller ein kombinasjon av desse.

Det føreslegne marine verneområdet Dalsfjorden, tilfredsstiller vilkåra i følgjande bokstavar i § 39:

a) inneheld særeigne eller representative økosystem og som er utan tyngre naturinngrep,
b) inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur,
c) representerer ein bestemt type natur,
e) utgjer ein spesiell geologisk førekomst,
f) har særskilt naturvitskapleg verdi.

Det føreslegne verneområdet skal bidra til å nå fleire av dei lovfesta måla for områdevern i naturmangfaldlova § 33. Dei mest aktuelle måla for Dalsfjorden, er at vern av området skal bidra til bevaring av:

a) variasjonsbreidda av naturtypar og landskap,
b) artar og genetisk mangfald,
c) trua natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte artar,
e) områder med særskilte naturhistoriske verdiar
h) referanseområde for å følgje utviklinga i naturen.

Måla heng saman med dei nasjonale måla for områdevern og internasjonale forpliktingar, jf. naturmangfaldlova § 46. Vern av det føreslegne området bidreg til å oppfylle nasjonale mål og internasjonale forpliktingar i:

- Fleire stortingsmeldingar, medrekna St.meld. nr. 37 (2008-2009) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Norskehavet (forvaltningsplan), jf. Innst. S. nr. 362 (2008-2009), Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold (i det følgjande omtalt som naturmangfaldmeldinga), jf. Innst. 294 S (2015-2016) og Meld. St. 35 (2016) Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet, jf. Innst. 455 S (2016-2017), Meld. St. 29 (2020-2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige områder for marin natur og Meld. St. 21 (2023-2024) Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havområdene.
- Prop. 1 S (2023-2024) for Klima- og miljødepartementet.
- Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD).
- Verdas naturvernunion (IUCN).
- FN sine berekraftsmål, medrekna mål 14.

Vern av området vil bidra til følgjande nasjonale mål under resultatområdet Naturmangfald, jf. Prop. 1 S (2023-2024) for Klima- og miljødepartementet: *«Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar»*.

I naturmangfaldmeldinga vert det peika på at dette handlar om å bevare eit utval av naturområde som viser variasjonsbreidda i norsk natur, det vil seie eit representativt utval. Vern vil også bidra til dei nasjonale måla om bevaring av økosystem og artar og naturtypar.

Det går fram av naturmangfaldmeldinga at tverrsektorielt marint vern etter naturmangfaldlova § 39, skal bidra til at et utval av representative, særeigne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tatt vare på for framtida.

I meldinga om bevaring av viktige område for marin natur blir det peika på at:

«Marin verneplan frå 2004 skal halde fram. Av dei 36 kandidatområda som inngår i marin verneplan frå 2004, er så langt 18 verna etter naturmangfaldlova og 3 beskytta etter havressurslova. Nokre av dei resterande områda kan ikkje vernast etter naturmangfaldlova fordi dei ligg utanfor territorialgrensa. For mellom anna å utgjere eit representativt utval av naturtypane i norske havområde må områda i marin verneplan også supplerast med fleire område.»

Av meldinga følgjer det også at regjeringa vil:

«Ta sikte på å innan 2024 ha starta opp verneprosessar for dei resterande områda som inngår i verneplanen frå 2004, basert på kunnskapen vi har i dag om naturverdiar og relevant aktivitet.»

Ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2022 og forslaget til statsbudsjett for 2022, jf. Innst. 2 S (2021–2022), vedtok Stortinget:

"Stortinget ber regjeringen oppfylle målet om 10 pst. vern av kyst- og havområder innen 2030, og fremme nasjonal plan for marint vern."

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er ein global avtale om bevaring og berekraftig bruk av biologisk mangfald. På partsmøtet (COP10) hausten 2010 vart landa einige om nye mål for 2020, mellom anna Aichi-mål 11 om å sikre eit effektivt og representativt vern av 10 prosent av verdens kyst- og havområde. FN sine berekraftsmål, samsvarar også med dette. På partsmøtet under CBD i desember 2022, vart det semje om eit nytt globalt rammeverk, Kunming-Montreal rammeverket, og nye mål, mellom anna at 30 prosent av verdens hav skal vernast eller bevarast.

Av Noregs sjøareal innanfor territorialgrensa på totalt 145 458 km², er 6 503 km² verna. Dette utgjer om lag 4,5 prosent av sjøarealet. Det føreslegne marine verneområdet Dalsfjorden omfattar eit nytt sjøareal på om lag 10,7 km². Gjennomføring av dette vernet vil innebere at verna sjøareal aukar til 6 514 km².

Etter vedtatt vern er området aktuelt for innmelding i Oslo-Pariskonvensjonen (OSPAR) sitt nettverk av «Marine protected areas».

2.1 Relevante tiltak

Klima- og miljødepartementet har ved oppdrag om arbeid med marint vern lagt til grunn at det er områdevern etter naturmangfaldlova som skal vurderst, og da spesielt naturmangfaldlova § 39 (marine verneområde).

Skal ein nå det nasjonale målet om å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar, er det ei forutsetning at naturverdiane i dei aktuelle områda får langsiktig beskyttelse. Oppfatninga er at utan langvarig vern, ved å la dagens forvaltning forsette, vil ikkje det gje tilstrekkeleg heilskapleg og føreseieleg beskyttelse for å sikre naturverdiane i områda i eit langsiktig perspektiv og det vil ikkje bidra til at det nasjonale målet om representativ bevaring blir oppnådd.

Miljødirektoratet si vurdering er at representativ bevaring i eit langsiktig perspektiv krev ei klar prioritering av miljøomsyn og verneverdiar og eit nasjonalt blikk. Det vil vere vanskeleg å ivareta gjennom plan- og bygningslova og sektorregelverk. Det følgjer også av nasjonal politikk at områdevern etter naturmangfaldlova er eit viktig verkemiddel i arbeidet med representativ bevaring av marin natur. Bruk av plan- og bygningslova har eit anna tidsperspektiv enn vern etter naturmangfaldlova. Plansystemet er lagt opp slik at planer etter plan- og bygningslova skal rullerast. Kommunens syn på kva som er god arealbruk kan og vil variere med lokalpolitisk samansetning og med kommunens behov over tid.

I naturmangfaldmeldinga vert det peika på også andre moglege verkemiddel enn områdevern for å oppnå eit meir representativt vern, mellom anna beskyttelse av korallar etter fiskerilovgivinga[1] . Fiskerilovgivinga er allereie brukt til å beskytte ei rekkje korallrev. Marine område kor beskyttelsen berre gjeld nærmare reglar om utøving av fiske, vert fastsett etter havressurslova, jf. naturmangfaldlova § 39. Bruk av sektorverkemiddel kan vere tilstrekkeleg der trusselen mot naturen i det alt vesentlege skyldast éin type inngrep eller verksemd. I slike tilfelle er det mellom anna naudsynt at det gjeld langsiktig beskyttelse mot denne påverknaden. Samstundes framhevar naturmangfaldmeldinga områdevern (i tillegg til prioriterte artar) som det einaste verkemiddelet som gir ei langsiktig bevaring mot påverknader på tvers av sektorar. Reglane om prioriterte artar i naturmangfaldlova er knytt til spesifiserte artar. Det kan gis reglar om beskyttelse av økologiske funksjonsområde for artane, men ikkje i sjø.

Som det går fram av kapittel 5.1.2, kan potensielle påverknadsfaktorar og trugsmål mot verneverdiane i det føreslegne området relaterast til tiltak eller verksemder som regulerast av ulike sektorregelverk.

Vern av Dalsfjorden vil ikkje kunne sikre naturmangfaldet mot endra klima, men kan ved at andre trugsmål blir redusert, gjere at området vil vere meir robust mot uheldige effektar av klimaendringane. FNs klimapanel har peika på at sjølv om marine verneområde ikkje kan

[1] Havressurslova § 19

forhindre ekstremhendingar som marine hetebølgjer, kan dei gi marine plantar og dyr ein betre moglegheit til å tilpasse seg klimaendringane utan å måtte ta omsyn til andre stressfaktorar.

Vern sikrar heller ikkje området mot tilførsle av næringssalt, søppel og miljøgifter utanfrå. Dette er tilhøve som vert regulert gjennom anna lovverk i den grad det let seg regulere, til dømes forureiningslova. Vassforskrifta er vidare eit verkemiddel for å sikre god miljøtilstand gjennom heilskapleg bruk av sektorverkemiddel basert på felles kunnskapsgrunnlag.

I Innst. 557 S (2020-2021) peiker energi- og miljøkomiteen på at 36 utvalde områder av marin natur trenger særleg beskyttelse. Miljødirektoratet viser også til Meld. St. 29 (2020-2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur*, kor det kjem til uttrykk at:

Marint vern etter naturmangfaldlova skal bidra til at eit utval av representative, særeigne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tekne vare på for framtida. Områda skal – saman med areal som er beskytta etter anna lovverk – danne eit nettverk av verna og beskytta område som skal ta vare på økosystem og naturverdiar. Områda skal dekkje variasjonsbreidda i norsk marin natur.

Områdevern etter naturmangfaldlova peiker seg dermed ut som det mest egna verkemiddelet i denne saka, og det er § 39 (marine verneområde) som er aktuell vernekategori.

2.2 Kunnskapsgrunnlag

Det føreslegne marine verneområdet Dalsfjorden er eitt av dei 36 områda som det partssamansette Rådgivende utvalg for marin verneplan i tilrådingar frå 2003 og 2004 anbefalte tatt med i første fase av marin verneplan[2] .

Val av område vart mellom anna gjort på bakgrunn av ei analyse av utbreiinga av 4 370 botnlevande marine artar. På bakgrunn av denne informasjonen, vart kysten delt inn i tre biogeografiske (provinsar) regionar. Området Dalsfjorden ligg i Vestnorsk subprovins.

Potensielle område vart delt inn i seks kategoriar. Utvalet la vekt på at det skulle veljast ut område frå kvar av dei seks kategoriane innan kvar av dei tre biogeografiske regionane. Området Dalsfjorden vart plassert i kategorien «Fjorder».

Utvalet peikte på at det vil ta mange år før ein har god oversikt over det biologiske mangfaldet i våre marine område, og la til grunn at det er kjent at det er ein samanheng mellom førekomst av plantar og dyr og botnforholda generelt. Ulike organismar finst på mudderbotn, sandbotn, stein- og grusbotn og fjellbotn. Andre fysiske miljøtilhøve, som lys, djupne, saltinnhald og havstraumar, speler også avgjerande roller for førekomst og utbreiing av artar. Botntopografi og botnforhold er i store trekk kjende i norske kyst- og havområde, sjølv om detaljert kartlegging i mange område ikkje er gjennomført. Ved å vektlegge informasjon om geologi og geomorfologi, kan ein generelt forvente at det indirekte vert tatt omsyn til artar og mangfald, sjølv om dette ikkje er spesielt kartlagt. Ved gjennomgangen og prioriteringa av områda innan kvar kategori, vart det gjort kryssreferansar til liknande lokalitetar innan andre kategoriar for å ha best mogleg samla oversikt.

Utvalet foreslo på dette grunnlaget at 36 område vart tatt med i første fase av arbeidet med marin verneplan, som har hovudfokus på areal innanfor 12 nautiske mil. Dei 36 områda i utvalet sitt forslag er vurdert som rimeleg dekkjande når det gjeld representativitet for kystområde og

[2] https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vernet-natur/marint-vern/

territorialfarvatn. Utvalet peikte likevel på suppleringsbehov i form av både konkrete geografiske område og kategoriar av område frå ulike delar av landet.

Kunnskap om naturtilhøva i området er samanstilt i tilrådingane frå Rådgivande utval for marin verneplan frå 2003 og 2004. Dei seinare åra er kunnskapsgrunnlaget for Dalsfjorden vesentleg utvida ved at Statsforvaltaren har fått utarbeidd to kartleggingsrapportar.

- Kartlegging av marint naturmangfald i Dalsfjorden. (Rådgivende Biologer AS 2018, rapport nr. 2766).
- Kandidatområde for marint vern i Dalsfjorden i Sogn og Fjordane. Kartlegging av marint naturmangfald i grunne område. (Rådgivende Biologer AS 2019, rapport nr. 2801).

Rapportane er tilgjengelege her: https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/marint-vern/dalsfjorden-kandidatomrade-for-marint-vern2/

Desse kartleggingane har mellom anna bidrege til registrering av rike og tette førekomstar av blant anna anemonar og blautkorall i relativt grunne område. Det er sjeldan å sjå tette samlingar av begerkorall så grunt, då den vanlegvis opptrer djupare enn 20 m. Korallnellik, som var hyppig på bratte fjellveggar i straumrike område, opptrer vanlegvis djupare enn 50 m, men i Dalsfjorden vart den registrert opp til 10 meters djupne.

2.3 Verneverdiar

Det føreslegne marine verneområdet Dalsfjorden har naturverdiar som gjer at gjennomføring av vern vil bidra til å oppfylle nasjonale og internasjonale mål om vern, og bidra til representativ bevaring av kystområde og territorialfarvatn. Få land i verda har fjordlandskap.

Figur 2-1: Det føreslegne verneområdet Dalsfjorden (skravert).



Dalsfjorden er ein smal fjordarm i Sunnfjord omkransa av fossefall og bratte, skogkledde lier. Det er stor tilførsel av ferskvatn i Dalsfjorden, og det har danna seg spesielle naturmiljø under vatn. Kandidatområdet omfattar areal i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar.

Gjennom mange istider har breane utforma Dalsfjorden. På botn av dei fleste fjordar finn ein tersklar som breane har lagt att. I Dalsfjorden er det fleire slike tersklar med ulikt artsmangfald innover fjorden. Artar som ein vanlegvis finn djupare under overflata trivst i ganske grunne område her i kandidatområdet. Fjorden har det djupaste partiet på drygt 400 meter i ytre del utanfor grensa for kandidatområdet.

Fjordbassenget innanfor terskelen ved Nishammar (ytst i det føreslegne verneområdet) har ei største djupne på 172 meter, og både Storelva med Laukelandsfossen og Fossedalselvi renn ut i fjorden her. Lenger inn fjorden er det ein terskel ved Halsnes, og bassenget innanfor har ei største djupne på 97 m. Det tronge Svædsundet ved Bygstad fører inn til den inste pollen ved Osen, som har ei djupn på 30 m. Osen er allereie verna som naturreservat grunna den viktige funksjonen området har for våtmarksfugl, for undervassenger og plantesamfunn.

Fjorden er smal, og med fleire spesielle biologiske førekomstar som korallar, sjeldne brakkvassplantar og rike straumområde. Botnen i den indre pollen består av fin sand medan det utanfor Svædsundet er mudderbotn. Svædsundet har ein rik, fastsitjande hardbotnfauna langs fjordveggane. Både anemonar og korallar trivst godt i det straumrike sundet. Fleire stader i Dalsfjorden er det funne store mengder med grunne førekomstar av begerkorall på 5-15 meters djupn.

I Dalsfjorden er føreslått vernegrense fleire stader trekt slik at marine gruntområde i fjøra vert inkludert. Grunne område i fjorden er svært viktige for den biologiske produksjonen og det marine artsmangfaldet. Her finst dei fleste artane, og i tillegg er gruntområde med tareskog og fjøresone viktige oppvekstområde for fisk. Dei grunne sandområda er tilhaldsstad for eit spesielt utval av artar som ofte finst der i store mengder, og er viktig næring for andre ledd i næringskjedene. Grunne område er viktige for å finne næring for ei rekke fugleartar, mellom anna vadefuglar på gjennomtrekk. For å ta vare på dei mest produktive delane av fjordsystemet er det derfor viktig at mange av gruntområda er med i verneområdet.

Både Gaularvassdraget og Laukelandsfossen/Storelvi er verna mot kraftutbygging. Elva Gaula har også status som nasjonalt laksevassdrag. Kandidatområdet for marint vern grenser til dei to eksisterande naturreservata Holmelidholmen (sjøfugl) og Osen (våtmark). Delvis innanfor og delvis utanfor våtmarksreservatet ligg eit svært viktig blautbotnsområde i strandsona (NIVA 2017).

Då Dalsfjorden vart valt ut som kandidatområde for marint vern vart det trekt fram at fjorden var lite påverka av utbygging og ureining.

Fjordar er store karbonlagre, og å ta vare på dei er difor også viktig i eit klimaperspektiv. Tang og tare på sjøbotnen bind karbon og produserer oksygen. Også sjølve sjøbotnen bind mykje karbon, gjennom sedimentert organisk materiale. Å la fjordane våre, som Dalsfjorden, vere intakte vil difor også vere eit tiltak som sikrar naturleg karbonbinding samstundes som det bevarer store naturkvalitetar.

Blautbotnsområde er nemnt på lista over naturtypar som OSPAR (Konvensjonen om beskyttelse av det marine miljø i det nordaustlege Atlanterhav) har vurdert som truga og i nedgang. Området ved Osen inngår i eitt av de prioriterte marinarkeologiske områda, PRIMAT 3730.

3 Sakshandsaming

Klima- og miljødepartementet ga oppdrag om oppstart av planarbeidet for Dalsfjorden 18.04.17 og Miljødirektoratet ga oppdrag til Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) 20.04.17.

Melding om oppstart av planarbeidet vart kunngjort og sendt lokale og regionale høyringsinstansar frå Statsforvaltaren i november 2017. I meldingsfasen hadde Statsforvaltaren opne møte i Bygstad i Gaular kommune og i Dale i Fjaler kommune, møte med kommunane , synfaring med Gaular kommune og grunneigarar, og i tillegg til ei synfaring for å bli kjend i grunne område. Oppsummering av innspela frå oppstartsmeldinga vart eit viktig grunnlag for vidare kartlegging og dermed også den etterfølgjande høyringa.

Frå 1. januar 2020 slo Førde, Jølster, Naustdal og Gaular kommune seg saman og vart Sunnfjord kommune.

Verneforslaget vart sendt på høyring 16.02.22 med frist 22.04.22. For å legge til rette for medverknad i prosessen, vart høyringsfristen utvida fleire gonger. Statsforvaltaren hadde møte med Sunnfjord kommune og heldt ope folkemøte i kommunen. Vidare hadde Statsforvaltaren møte med Fjaler kommune, Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen om vegtrasé i Gryvlevika langs Fylkesveg 57 (23. januar 2023), samt møte med Kystverket om ankringsområde. Statsforvaltaren har i si tilråding også tatt med innspel som kom inn etter siste fastsette fristen.

Statsforvaltaren sendte tilråding til Miljødirektoratet 07.09.23.

4 Viktige endringar under planprosessen

4.1 Avgrensing og arealomfang

Det vart meldt oppstart av planarbeidet for et sjøareal på 11,3 km^2, med utgangspunkt i avgrensinga frå Rådgivende utvalg for marin verneplan. Området vart noko utvida samanlikna med utvalet sitt forslag, slik at grensa følgjer en terskel i fjorden og ikkje går midt i eit basseng.

Etter høyring har **Statsforvaltaren** tilrådd at 0,6 km^2 tas ut av forslaget, av omsyn til mellom anna småbåtanlegg, kommuneplanar og utviding av tømmerkai. Statsforvaltarens tilråding omfattar eit sjøareal på 10,7 km^2.

Miljødirektoratet sluttar seg til Statsforvaltarens avgrensingsforslag, sjå kap. 6.2.2.

4.2 Verneforskrifta

På bakgrunn av innspel i høyringsrunden og for å harmonisere ordlyd med dei siste vernevedtaka, har **Statsforvaltaren** etter høyring føreslått ein del endringar i forslaget til verneforskrift. Statsforvaltaren har føreslått at regel om ankring i § 4 får ny ordlyd: «Ankring i område i Fossvika og Røvik som er markert i vernekartet, og ankring i samband med anløp, lasting og lossing ved eksisterande kai på Skjeret i Bjørvika.» Det som gjeld fortøying av småbåt fell inn under § 4, mens det som gjeld anlegg av fastfortøying føreslåast teke inn i § 5. Statsforvaltaren har vidare føreslått at det tas inn ein spesifisert dispensasjonsregel i § 5: «Ankring av båt eller andre fartøy større enn 15 meter». Ut over dette har Statsforvaltaren føreslått ei rekkje redaksjonelle endringar, medrekna flytting av tekst og endra ordlyd som ikkje fører til endra restriksjonsnivå,

Miljødirektoratet viser til at forslaget om å flytte regelen om fartøysfeste frå § 4 (generelle unntak) til § 5 (spesifiserte dispensasjonsreglar), er ei innskjerping etter høyring. Vi tilrår at dette bli ståande i § 4. Det er også i tråd med forskriftene for vedtekne marine verneområde. I tillegg foreslår vi at dispensasjonsregel om tiltak i samband med utbetring av fylkesveg presiserast, slik at det kjem betre fram at det berre kan gis dispensasjon til "mindre" tiltak, sjå kap. 6.2.3.2.

4.3 Namnsetjing

Under prosessen er det ikkje foreslått endring av skrivemåten «Dalsfjorden».

5 Verknader av vernet

5.1 Problemformulering

Dei største trugsmåla mot det biologiske mangfaldet i Noreg er at leveområde for dyr og plantar blir øydelagde og oppdelt. Presset på marine område er aukande, mellom anna frå inngrep som utfyllingar, bygging av hamnar og vegar.

Dersom representativ natur ikkje blir verna, kan konsekvensen vere at slik natur går tapt i framtida.

5.1.1 Eigenskapar og interesser i området

Dalsfjorden vart peika ut som eitt av 36 område aktuelle for vern i 2004, med bakgrunn i at det er eit rikt naturmangfald i fjorden. Forslaget om Dalsfjorden marine verneområde inkluderer den indre delen av Dalsfjorden, med unntak av den aller inste delen. Dette fjordpartiet er sterkt påverka av ferskvatn frå eit større og ikkje utbygd vassdrag. Dette er både særprega og representativt for indre fjordstrøk i denne landsdelen. Fjorden er forma av innlandsisen sine utgravingar gjennom fleire istider, og inneheld sjeldan og sårbar natur som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi, både biologisk og geologisk. Dalsfjorden har spesielle straumtilhøve og ein uvanleg kombinasjon av stor ferskvasstilførsel og artsrike hardbotnsamfunn med eit nasjonalt verdfullt estuarområde inst i fjorden. Dalsfjorden er eit viktig oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar. For vidare beskriving av området, sjå kapittel 2.3.

Planstatus

Status for arbeidet med kommune- og reguleringsplanar er nærare omtalt i kapittel 6.2.2, medan planar om fysiske inngrep er omtalt i kapittel 6.2.3.

Det er konkrete planar om å utbetre fylkesveg 57 på sørsida av Dalsfjorden. Det er mogleg å planlegge vegen utan at den kommer i konflikt med verneforslaget.

Det er planer om utviding av ei tømmerkai i Kvamen, og det føreslåast ei grensejustering, slik at det som er føreslått som næringsareal i planprosessen for kommuneplanen haldast utanfor verneforslaget.

BKK Nett har starta ein prosess for å vurdere å byte ut luftspennet ved Nistad med sjøkablar.

Inngrepsstatus

Det er ikkje mange tekniske installasjonar innanfor verneforslaget. Føreslått avgrensing er trekt utanom område avsette i kommunale planar, med unntak av Leirvika, inne ved Osen

naturreservat. Kommunen har seinare trekt dette arealet ut av sine arealplanar, då det er store naturverdiar der.

Tre kraftlinjer kryssar fjorden med luftspenn og det er tre sjøkablar i området. I tillegg er det vass- og avlaupsleidningar, kor mellom anna glykolholdig vatn frå flyplassen sleppast ut.

Pågåande aktivitetar

Fiskeri og akvakultur

Ariel Seafood AS har to lokalitetar i kandidatområdet med kommersiell blåskjeldyrking til konsum. Begge lokalitetane ligg i ytre del av kandidatområdet i Fjaler kommune.

Frå Nishammaren og inn forbi Grimeneset er det registrert område for rekefiske, men det er ikkje rekefiske der i dag. Siste oppdatering i kartlaget for rekefiske var i 01.12.1995. Reketråling er ein form for botntråling, og går føre seg relativt djupt. Det er forbod mot tråling grunnare enn 100 meter på Vestlandet, etter haustingsforskrifta § 16. Det registrerte rekefeltet ligg også i areal grunnare enn 100 meters djupne. Ut i frå data innhenta av Havforskingsinstituttet er det ikkje registrert reker i Dalsfjorden i dag. Ifølgje resultat frå ei kartlegging i 2021 av botnfisk og reker på rekefelt i utvalde vestlandsfjordar (toktnummer 2021854), synte halet nord for Dalsøyna ingen djupvassreker i fangsten. Fiskeridirektoratet stadfestar i e-post at det er fråvær av ressursen (reker) og aktiviteten (tråling) i dag. Dei skriv også at ein del av rekefelta er registrert som ressursområde basert på botntopografi, og er ikkje nødvendigvis trålbare i praksis.

Det er ikkje kvart år det er makrell i fjorden. For meir enn 30 år sidan var Dalsfjorden ein rik silde- og brislingfjord. I seinare tid har desse artane vore borte frå fjorden. Etter dei opplysningane Fiskeridirektoratet har fått, er ikkje fiskeriaktiviteten i Dalsfjorden særleg stor, og det blir stort sett fiska utanfor området i verneforslaget. For dei få som bruker området, er fisket likevel ein viktig del av inntektsgrunnlaget. Fiskarar frå Hyllestad, Solund og Askvoll er registrerte brukarar av området til garnfiske for artane lyr, hyse og lysing, jamfør fiskeridata frå 2018. Torsken har gyteområde innanfor Korsneset. Kandidatområdet inngår i eit forvaltningsområde for sel.

Det er registrert lokalitetar for låssetjing av fisk både i Sagevik og utanfor Strandaneset. Dei blir brukt til oppbevaring av levande makrell og sild i perioden sommar/haust.

Det er ikkje tarehausting i området. Det er heller ikkje registrert at det er aktivitet knytt til havbeite.

Friluftsliv, reiseliv og lokal bruk

Dalsfjorden vert nytta mykje i friluftslivs- og reiselivssamanheng, både av lokale og av tilreisande. Dalsfjorden blir marknadsført som ein fin destinasjon for båtturar, fisking og kajakkpadling. Det er mange aktive fritidsfiskarar i området, både fastbuande og tilreisande. Det er tre bedrifter som leiger ut båtar i Dalsfjorden til turistar som vil fiske. Dalsfjorden er kjent for å ha mange artar som er attraktive for sportsfiskarar, og til dømes vart landets største rødspette teke på stang utanfor Bygstad.

Det er mange naust langs sjøen som er i bruk til småbåtar, og det er populært for lokale å eige eiga båt. Mange nyttar småbåthamnene. Kvaliteten på badevatnet har betra seg, og folk badar der det er lett tilkomst. Kommunen har tiltak for å auke kvaliteten på vassførekomsten. Det er småskala uttak av mindre mengde sand for tilgrensande grunneigarar.

På sjøkart er det markert fleire ankringsplassar. Disse er først og fremst i bruk av småbåtar i fritidsaugemed, anten båtane er «busett» i Dalsfjorden eller kjem tilreisande frå andre stadar.

Eitt område i Askvoll sin del av kandidatområdet er i jamleg bruk av større fartøy. Yachter kjem ofte langvegs frå, og ankrar opp vest for Laukelandsfossen, i Fossevika. På austsida av Laukelandsfossen, i Røvika i Sunnfjord kommune, er det også registrert bruk av ankringsplass for større fartøy enn småbåt.

Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne i område. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i området.

Skipstrafikk, farleier og navigasjonsinstrument

Inn Dalsfjorden er det ei bi-lei. Kystverket la i mars 2023 ut to område på høyring som ankringsområde, og det er føreslått eit generelt unntak i verneforskrifta for ankring i disse områda, sjå kap. 6.2.3.6. På Halsnes er det ein fyrlykt, og på eit skjer mellom Gryvlevika og Klubben er det ein stake.

Det er ei småbåthamn i Eidevik og eit småbåtanlegg på Skjeret i Bjørvika, og etter høyring er det føreslått ei grensejustering i disse områda, slik at dei blir liggande utanfor verneforslaget.

Ved tømmerkaien i Kvamen i Fjaler og på Skjeret i Sunnfjord er det større fartøy som legg til i næringssamanheng. Ved kaien på Skjeret blir ankring mot sjøbotn brukt når store fartøy legg til kai/lossar.

Vernegrensa er blitt tilpassa og vil ikkje avgrense skipstrafikk. Forslaget til verneforskrift inneheld eit generelt unntak for drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar, og ein dispensasjonsregel om nye navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak.

5.1.2 Påverknadsfaktorar og trugsmål mot verneverdiar

Det kan være fleire potensielle trugsmål mot naturmangfaldet i området. Det største trugsmålet mot verneverdiane er truleg større, fysiske inngrep som påverkar sjøbotnen, og som kan endre økosystemet. Dette kan til dømes være utfylling av masse, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring og plassering av konstruksjonar på fjordbotn.

Eit anna trugsmål vil kunne vere større uttak av artar som er viktige næringsgrunnlag for mange organismar i verneområdet. Eksempel på dette kan være artar som ligg lågt i næringskjeda, som plante- og dyreplankton, sniglar, børstemakk o.l. Det er ikkje opplysningar om slik aktivitet i dag. Bruk av trål som rører sjøbotn kan være eit alvorleg trugsmål, men det er heller ikkje opplysningar om slik aktivitet i området dag. Akvakultur kan også være eit trugsmål. To anlegg for blåskjeldyrking ligg innanfor verneforslaget, mens det ikkje er anlegg for fiskeoppdrett. Dyrking av skjel utnyttar den naturlege planktonproduksjonen og vil normalt medføre mindre organisk belastning enn oppdrett av laks eller marin fisk som fores i merd.

Skipsforlis eller havari kan være ein trussel, særleg viss skip fraktar med seg større mengde fossile drivstoff e.a. Dalsfjorden er ikkje eit gjennomfartsområde, men det er likevel skip innom opp til ei viss storleik. Bruk av anker frå skip i område der det er sårbart naturmangfald, vil også føre til skade og øydelegging.

Området er påverka av avrenning og næringsavløp. I ein publisert rapport frå Akvaplan NIVA AS (2021), laga på oppdrag frå Sunnfjord kommune, kjem det fram at kjemisk tilstand er relativt god, men økologisk tilstand er moderat til dårleg på fjordbotnen i indre delar av Dalsfjorden.

Den svartelista framandarta hamnespy (japansk sjøpung) blir spreidd i Rogaland og Vestland. Den legg seg som store teppe på sjøbotn og fortrenger alle andre artar. Hamnespy vil kunne få store konsekvensar for økologi og naturmangfald dit den kjem. Våren 2023 vart hamnespy funne nord for Sognefjorden, utanfor Måløy og Florø. Det er stor fare for at den vil spreie seg vidare. Hamnespy spreiar seg via båtar og tauverk. Det er ingen effektive tiltak for å fjerne havnespy i dag, det er berre mogleg å avgrense spreiinga. Dersom havnespy blir spreidd til verneområdet, vil det truleg ha svært negativ effekt på verneverdiane.

Vern av Dalsfjorden vil ikkje kunne sikre naturmangfaldet mot endra klima, men kan, ved at andre trugsmål blir redusert/endra/regulert, gjere at området vil være meir robust mot uheldige effektar av klimaendringane. Sidan området blir verna mot nye vesentlege inngrep, vil Dalsfjorden også kunne bli eit referanseområde for korleis naturen endrar seg, m.a. som følgje av klimaendringar. Vern sikrar heller ikkje områda mot tilførsle av næringssalt, søppel og miljøgifter utanfrå. Dette er tilhøve som vert regulert gjennom anna lovverk i den grad det let seg regulere, til dømes forureiningslova. Vassforskrifta er vidare eit verkemiddel for å sikre god miljøtilstand gjennom heilskapleg bruk av sektorverkemiddel basert på felles kunnskapsgrunnlag.

5.1.3 Nullalternativet

Nullalternativet er ei vurdering av utviklinga i utredningsområdet utan nytt marint vern. Nullalternativet tek utgangspunkt i dagens situasjon, justert for vedtatt politikk. I denne saka inneber det at forvaltning av området skjer etter dagens lovverk (plan- og bygningslova, akvakulturlova, havressurslova, hamne- og farvasslova, naturmangfaldlova og anna sektorlovverk), og at området ikkje blir verna som marint verneområde etter naturmangfaldlova. Nærmare omtale av planstatus og inngrepsstatus for området finst i kapittel 5.1.1.

Dalsfjorden er ein nasjonal laksefjord. Kommunen og Statsforvaltaren må ta omsyn til dette ved vurdering av ulike tiltak. Det legg blant anna føringar for etablering og drift av akvakulturanlegg. Det at fjorden er nasjonal laksefjord inneber likevel ikkje nokon juridisk beskyttelse for fjorden, og det er derfor svært usikkert i kva grad dette vil bli tatt omsyn til i politiske prosessar.

Miljødirektoratet har ikkje vassprøver frå Dalsfjorden, dermed er det ikkje grunnlag for å vurdere utvikling i forureiningsnivået eller terskelverdi for forureining.

Dalsfjorden er viktig for frilufts- og reiseliv. Det er mykje fritidsfiske i området, og tilreisande kjem ofte i båt. Det er forventa at bruken vil auke framover, jamfør innspel frå Kystverket.

Avinor samlar forureina, glykolholdig vatn frå flyplassen i nærleiken av Dalsfjorden på tank. Dette vatnet går via kommunens utsleppsleidning med utslepp i Dalsfjorden. Avinor har eit midlertidig utsleppsløyve som er gyldig fram til det eventuelt blir endra. Vi har ikkje grunnlag for å vurdere om dette løyvet vil bli endra, eller om utsleppsvoluma blir endra, og forventar i nullalternativet at utsleppet får halde fram på same nivå som i dag.

Vi kjenner ikkje til at det er vedtatt planar om næringsutvikling som inneber fysiske inngrep i eller langs fjorden. I eit langsiktig perspektiv, som ligg til grunn for vurderingar av vern, er det likevel ikkje urealistisk at det vil komme ønskje om tiltak som kan truge verneverdiane.

5.2 Målsetningar

Bevaring av et representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar er eit nasjonalt mål, jf. dei lovfesta måla for områdevern i naturmangfaldlova § 33. Eit representativt utval inneber at verneområda skal fange opp variasjonsbreidda i naturmangfaldet, som vil seie både det som er typisk eller vanleg, og det som er meir sjeldsynt. Det er derfor ikkje tilstrekkeleg å berre auke verneandelen; vernet må også omfatte konkrete geografiske område som bidreg til meir representativt vern. I dag er ca. 4,5 prosent av hav og kystvatn (sjøarealet innanfor territorialgrensa) verna, og det er langt igjen til målet om representativ bevaring er nådd.

Samfunnsmålet som blir lagt til grunn for utredninga er å sikre naturmangfald og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet for nåverande og framtidige generasjonar.

I tillegg har vi nokon effektmål for å støtte opp det overordna samfunnsmålet:

- Vernet skal bidra til å ta vare på eit representativt utval av norsk natur og særeigne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar.
- Vernet skal bidra til at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.

Det er også knytt fleire internasjonale forpliktingar til effektivt og representativt vern. Meir om dei nasjonale måla og internasjonale forpliktingar i kapittel 2.

5.3 Relevante innretningar for det føreslegne verneområdet

I tråd med diskusjonen i kapittel 2.1, er det marint vern etter naturmangfaldlova som etter vår vurdering som er det relevante tiltaket/verkemiddelet i denne saka. Gjennom verneplanprosessen har det ikkje vore høyrt på ulike forslag til avgrensing av verneområdet. Området er relativt lite og vi vurderer at det er tilstrekkeleg at dei to alternativa vi vurderer er nullalternativet og Statsforvaltarens forslag.

5.4 Prinsipielle spørsmål

Bruk av områdevern etter naturmangfaldlova som verkemiddel kan reise ulike prinsipielle spørsmål. Gjennomføring av områdevern for å få eit meir representativt vern for framtidige generasjonar, er i tråd med nasjonal politikk, og ei prioritert oppgåve for miljøvernstyresmaktene. Samstundes kan vern medføre avgrensingar for råderetten til grunneigarar og rettshavarar. Dette gjeld i mindre grad for arbeidet med Dalsfjorden, da verneforslaget i avgrensa grad omfattar privat grunn.

5.5 Positive og negative verknadar av vern

Vern av Dalsfjorden fører til at området med sine kvalitetar blir bevart for framtida. Den største nytteverknaden ved vernet er knytt til restriksjonar i potensiell framtidig aktivitet som er i konflikt med verneverdiane.

Vi vurderer at pågåande aktivitetar i det føreslegne verneområdet ikkje påverkar verneverdiane i nemneverdig grad. Pågåande aktivitetar i verneområdet vil i all hovudsak kunne halde fram som før. Det er til eksempel mange som bruker Dalsfjorden til friluftsliv. Vernet vil ikkje avgrense friluftsbruken, men vil sikre at området vert uendra for framtidig bruk. Vi meiner at regulering av jakt, hausting og fiskeri i denne saka er tilstrekkeleg handtert ved bestandsregulering etter havressurslova, sjå vår kommentar i kap. 6.2.4.

Når det gjeld framtidig belastning, sett den føreslegne verneforskrifta forbod mot eller regulerer tiltak og aktivitetar som blir vurdert å kunne ha negativ effekt på naturmangfaldet i det marine

miljøet. Det er føreslått nokre endringar i vernegrensa for å ta omsyn til nødvendige aktivitetar. I tillegg er det mogleg å gi dispensasjonar etter konkrete vurderingar.

For å redusere dei negative verknadane av vernet og avklare forventningar for effekten av vernet, har vi foreslått nokre dispensasjonsreglar og unntak i verneforskrifta, sjå eksemplar i punktlista under. Spesifiserte dispensasjonsreglar i verneforskriftene viser til konkrete aktivitetar eller tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon til. Slike reglar er gjerne uttrykk for konkrete avvegingar av brukar- eller eigarinteresser i verneområdet. Formuleringa "kan etter søknad gje dispensasjon til" i verneforskrifter, betyr ikkje at forvaltningsstyresmakta skal gi dispensasjon, men at forvaltningsstyresmakta kan vurdere om ein søknad gjer grunnlag for dispensasjon. Det er berre aktiviteten eller tiltaket som direkte følgjer av den aktuelle regelen i § 5 det kan gis dispensasjon til. Ein søkjar vil ikkje ha krav på dispensasjon sjølv om vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt. Sjå også omtalen av spesifiserte dispensasjonsreglar i kap. 6 i Miljødirektoratets rundskriv om forvaltning av verneforskrifter:
https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m106/m106.pdf

- Dispensasjonsregel om utbetring av fylkesveg 57. Dette for å ta omsyn i tilfelle det skulle bli aktuelt å vurdere mindre tiltak innanfor området i samband med utbetringa, sjå kap. 6.2.3.2.
- Dispensasjonsregel om legging av kablar og røyrleidningar, som også vil gjelde ved ev. erstatning for luftspennet ved Nistad, sjå kap. 6.2.3.4.
- Dispensasjonsregel for istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne, sjølv om det ikkje er registrerte kulturminne i området.
- Dispensasjonsregel om utviding av tømmerkaia i Kvamen, i tilfelle det skulle oppstå behov som ein ikkje på det noverande tidspunkt har fanga opp.
- Dispensasjonsreglar for tilretteleggingstiltak for friluftsliv og ulike tiltak i samband med bruk av småbåt.
- Generelle unntak for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar. Dette er ein standardregel som omfattar ulike typar anlegg og innretningar, som t.d. vass- og avlaupsleidningar, blåskjelanlegg, vegar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.

Samla sett vurderer Miljødirektoratet at det er relativt små negative verknadar av det føreslegne vernet. Samstundes er det også relativt små positive verknadar av vernet i dag, særleg grunna relativt avgrensa trugsmål per no. Trugsmåla kan endre seg over tid. For å sikre langsiktig bevaring av norske fjordar, meiner Miljødirektoratet at fordelane på lang sikt er større enn ulempene, og vi tilrår at Dalsfjorden marine verneområde blir oppretta.

Samstundes bidreg oppretting av Dalsfjorden marine verneområde til målet om auka vern i Noreg.

6 Høyringsinnspel

6.1 Høyringspartar og uttalar

Forslaget om Dalsfjorden marine verneområde vart sendt ut på lokal og sentral høyring. Høyringa var annonsert i lokalaviser, både i papiravis og i digital utgåve. Statsforvaltaren hadde oppslag om høyringa på heimesidene, og bad kommunane om å spreie informasjon via eigne heimesider.

Det kom 25 innspel, frå 22 aktørar, til høyringa. Følgjande sendte uttale:

Riksantikvaren, Bergen Sjøfartsmuseum, Ariel Seafood AS, Statens vegvesen, Direktoratet for mineralutvikling (DFM), Sunnfjord kommune (fleire høyringsinnspel), Fjaler kommune, Askvoll kommune, Arnulf Aasnes, BKK Nett AS (tidlegare Sunnfjord Energi), Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Mattilsynet, Havforskingsinstituttet, Bygstad Utvikling (v/Anne Lilleaasen), Tom Kristian Hestad Kårstad, Anders Pihl, Frode Hjelmeland, Per Nistad, M. M. Øvrebø AS (v/Kjell Øvrebø), 5 grunneigarar på vegner av bebuarar på Sveen i Bygstad, Vestland fylkeskommune, Kystverket (fleire innspel).

I tillegg gav desse innspel til oppstartsmeldinga: Sjøfartsdirektoratet, Opplysningsvesenets fond, Statens kartverk, Sogn og Fjordane Fiskarlag og Hafs Fiskarlag, Direktoratet for mineralutvikling, Bergen sjøfartsmuseum, Sogn og Fjordane fylkeskommune (no ein del av Vestland fylkeskommune), Per Nistad, Kystverket, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat, Arnulf Aasnes, Fiskeridirektoratet, Sunnfjord Energi, Gaular kommune, Askvoll kommune og Fjaler kommune.

6.2 Merknader til høyringsforslaget med kommentarar

6.2.1 Generelle merknader og haldningar til vern

Riksantikvaren, Statens vegvesen, Direktoratet for mineralutvikling, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat, BKK Nett AS (tidlegare Sunnfjord Energi), Mattilsynet, Bygstad Utvikling, Tom Kristian Kårstad og M.M. Øvrebø AS v/Kjell Øvrebø har ikkje har uttalt seg om området bør vernast eller ikkje.

Bergen Sjøfartsmuseum, Ariel Seafoods, Kystverket, Havforskingsinstituttet, Askvoll kommune, Per Nistad og Frode Hjelmeland er positive til eit marint vern av Dalsfjorden.

Fleire har kome med merknadar til korleis verneforslaget bør endrast for at deira behov skal bli tekne betre i vare.

Statsforvaltaren oppfattar det slik at Vestland fylkeskommune, Sunnfjord kommune og Fjaler kommune er negative til eit vern, dersom det fører til at det blir vanskelegare å bu og drive næringsverksemd langs Dalsfjorden, eller dersom det fører til at eksisterande prosjekt ikkje kan fullførast.

Fjaler kommune peiker på at vern vil medføre restriksjonar på bruk og tilrettelegging av aktivitetar nær verneområdet. Samstundes vil eit vern gje eit godt vern av dei naturverdiane som er i Dalsfjorden, utan at det påverkar den daglege bruken av området for folk flest.

Kystverket er positive til vern av det føreslegne området, og at det er eit generelt unntak frå vernereglane for drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.

Havforskingsinstituttet stiller seg positiv til etablering av Dalsfjorden marine verneområde, og meiner det er bra at fjorden kan tene som eit referanseområde for forsking og overvaking.

Bygstad Utvikling, v/ leiar Anne Lilleaasen, ber om at forslag til verneplan ikkje skal ramme utviklinga dei arbeider med å få til i nærmiljørådet. For å kunne ha levedyktige lokalsamfunn er det viktig at verneforskrifta ikkje avgrensar moglegheita for utvikling av friluftsområde. Dette gjeld spesielt utvikling av badeplassar/badeanlegg, og dei ber om at det skal vere lov med mudring og etablering av faste installasjonar i samanheng med dette. Verneforskrifta bør heller ikkje sette noko stoppar for utvikling av bu-områder eller reise- og næringslivsaktørar i området. Dei er positive til at den føreslegne verneforskrifta vil medføre få eller ingen restriksjonar på

noverande bruk av Dalsfjorden. Dei ber om at det blir gjennomført ei konsekvensutgreiing før eit eventuelt vern blir vedteke.

Ingar Nistad, Margunn Skudal Nistad, Bjørn Nistad, Tone Sævik Øvrebø og John Øvrebø sendte eit felles høyringssvar på vegner av bebuarar på Sveen i Bygstad. Her skriv dei at Dalsfjorden er ein fjord med mange kvalitetar, og for at det framleis skal vere attraktivt å bu langs Dalsfjorden må ein kunne nytte seg av fjorden. Dei ser på vern som negativt og unødvendig, då det lagar fleire føresegner som ikkje er naudsynte i ein fjord som er teken godt vare på til no. Difor tilrår dei at eit marint vern av Dalsfjorden ikkje trer i kraft, då dette vil skape ei ulempe for innbyggarar og næring langs fjorden.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande, og er samd om at det framleis skal vere attraktivt å bu og drive med næringsverksemd langs Dalsfjorden. Statsforvaltaren meiner at verneinteresser og brukarinteresser er godt balansert i verneframlegget. Statsforvaltaren viser også til at det er ein del av verneformålet at dei indre delane av fjorden skal kunne tene som eit referanseområde for forsking og overvaking.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens kommentar, og til nærmare gjennomgang av ulike tema nedanfor. Det følgjer av naturmangfaldlova § 14 at tiltak etter lova skal avvegast mot andre viktige samfunnsinteresser, og konsekvensar for ulike interesser i det føreslegne verneområdet er vurdert i kap. 5. Konsekvensutgreiing etter forskrift og konsekvensutgreiingar, er berre aktuelt for verneforslag større enn 250 km^2. Verneforslaget for Dalsfjorden omfattar 10,7 km^2.

6.2.2 Kommune- og reguleringsplanar

Sunnfjord kommune informerer om at det i kommunedelplan «Forretning og industri» frå 2012 er opna for småbåthamner og næringsverksemd på fire lokalitetar som ligg i det føreslegne verneområdet. Ei vurdering om desse områda blir vidareført blir gjort i samband med ny arealdel i kommunedelplanen. Om ein verneplan blir vedteken før den tid vil det kunne leggje føringar for bruken av desse områda. Kommunen ber om at det vert teke omsyn til kommunen sitt forslag til arealdel i kommuneplanen.

Vidare ber kommunen om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden. Sunnfjord kommune tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikstranda.

Sunnfjord kommune ber også Statsforvaltaren samarbeide om og ta omsyn til framtidige vedtak i kommunedelplan for fylkesveg 57 (Båtevik – Storehaugen).

Statsforvaltaren tek innspela til vitande, og føreslår at vernegrensene i Eidevika og Bjørvika endrast for å ta omsyn til pågåande arbeid med ny arealdel i kommunedelplanen. Etter dialog med Sunnfjord kommune, føreslår Statsforvaltaren at grensene i Leirvika og i Bjørvikestranda ikkje endrast, då kommunen i løpet av høyringsperioden fekk oppdatert arealplanen og tok disse to områda ut grunna viktige naturverdiar. Statsforvaltaren føreslår at grensene ved kaianlegget på Sveen i Bygstad endrast, slik at dei harmoniserer med kommunedelplanen.

Fjaler kommune peiker på at vern vil medføre restriksjonar på bruk og tilrettelegging av aktivitetar nær verneområdet, og er oppteke av at vernet vil legge restriksjonar på pågåande prosjekt og planarbeid. Kommunen meiner verneprosessen bør koordinerast med planprosessen for kommuneplanen sin arealdel og ta omsyn til næringsområde i Kvamen og utbetring av fylkesveg 57. I Gryvlevika kan det i samband med utbetring av fylkesveg 57 bli behov for omfattande tiltak. Kommunen vurderer at den føreslegne verneforskrifta kan gjere det

vanskeleg å få dispensasjon til desse tiltaka. Dei ønskjer difor å justere vernegrensa slik at Gryvlevika blir helde utanfor.

Statsforvaltaren tek Fjaler kommune sine innspel til vitande, og føreslår at grensene utanfor tømmerkaia i Kvamen endrast, slik at dei går i kant med det som er føreslått som næringsareal i planprosessen for kommuneplanen sin arealdel.

Askvoll kommune skriv at kommunen ikkje har starta revisjon av arealdelen av kommuneplanen enda, slik det står i høyringsbrevet. Kommunen peiker og på at noko av innhaldet i kommuneplanen er feiltolka i høyringsbrevet, der stipla line feilaktig er tolka som småbåtlei.

Statsforvaltaren tek Askvoll kommune sitt innspel til vitande.

Miljødirektoratet viser til at Statsforvaltaren har opplyst at forslag til ny arealdel i kommunedelplanen «Forretning og industri» (Sunnfjord kommune) har vore til offentleg ettersyn to gongar. Det er framleis knytt motsegner frå Statsforvaltaren til planforslaget, men det gjeld ikkje område i Dalsfjorden. Vedtak av planen tidlegast juni 2024.

Vi sluttar oss til Statsforvaltarens forslag om endringar i avgrensinga av det føreslegne verneområdet, og viser til kap. 6.2.3.2 når det gjeld spørsmål knytt til fylkesveg 57. Når det gjeld Fjaler kommune sin merknad om bruk og tilrettelegging av tiltak i nærområdet, viser vi til omtalen av naturmangfaldlova § 49 i kap. 6.2.3.5.

6.2.3 Fysiske inngrep og utslepp

6.2.3.1 Navigasjonsinstallasjonar og farleistiltak

Kystverket har innspel til verneforskrifta § 5, der det er opna for at ein kan søkje om dispensasjon for oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar. Kystverket meiner at det bør vere eit generelt unntak frå vernereglane for dette, slik at det ikkje ligg til forvaltningsstyresmakta å vurdere om ei naudsynt navigasjonsinnretning kan bli etablert eller ikkje. Dei viser til at det er Kystverket som har ansvaret for å vurdere om de er trong for å etablere nye navigasjonsinnretningar i farvatnet, jf. hamne- og farvasslova § 10. Det bør difor vere eit generelt unntak for fjerning, nyetablering og endring av både navigasjonsinnretningar og farvasskilt, då dette kan vere med på å redusere risikoen for uhell i eit slikt sårbart område. Kystverket føreslår på bakgrunn av dette følgjande ordlyd i verneforskrifta § 4 (Generelle unntak frå vernereglane): "Oppføring, fjerning, drift og vedlikehald av navigasjonsinnretningar og farvass-skilt."

Statsforvaltaren viser til at det i den føreslegne verneføreskrifta er mogleg å søkje om dispensasjon til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak for å trygge ferdsle til sjøs (§ 5 a). Ved å nytte dispensasjon framføre eit generelt unntak, oppnår vi at det er mogleg å etablere naudsynte navigasjonsinstallasjonar for å redusere risikoen for uhell i verneområdet, samstundes som vi kan setje vilkår om best mogeleg driftsmetode, jamfør naturmangfaldlova § 12. Til dømes kan aktuelle vilkår vere tidspunkt for anleggsarbeid, trasé for eventuelle kablar, eller liknande relevante vilkår. Statsforvaltaren viser elles til dialog på direktoratsnivå, der ein har blitt samde om slike standardformuleringar.

Miljødirektoratet viser til at spørsmålet om det bør vere eit generelt unntak for oppføring av (nye) navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak i forskrifter for marine verneområde, har blitt vurdert på departementsnivå i tidlegare vernesaker, og resultatet er ein spesifisert dispensasjonsregel i vedtekne verneforskrifter, slik Statsforvaltaren føreslår. Vi sluttar oss til dette.

6.2.3.2 Utbetring av fylkesveg

Vestland fylkeskommune viser til det langsiktige arbeidet fylkeskommunen har gåande for å utbetre vegstandard på strekninga Dale – Storehaugen på fylkesveg. 57, og til pågåande arbeid med kommunedelplan for strekninga Båtevika – Storehaug. Fylkeskommunen er negative til verneplanen, dersom det fører til hindringar knytt til utfylling for vegtrasé i Gryvlevika og bygging av bru over Svædsundet. Fylkeskommunen legg til grunn at dei vert informert dersom det oppstår interessekonflikt i arbeidet.

Statsforvaltaren peiker på at det i etterkant av folkemøtet på Bygstad den 11. januar 2023, vart det arrangert eit drøftingsmøte om vegløysing ved Gryvlevika, der Vestland fylkeskommune, Fjaler kommune og Statsforvaltaren var til stades. Fylkeskommunen fortalte at dei ved å fylle ut i fjorden i Gryvlevika, kan unngå høge skjeringar som er skjemmande i terrenget og unngå å ta innmark. Då vil ein også kunne få ein kurvatur som gjer at fartsgrensa på staden kan vere 80 km/t. Statsforvaltaren peikte på at det er problematisk å bruke fjorden som deponi for overskotsmasser, og at dette alternativet kan ha ein betydeleg påverknad på verneverdiane. Når det er meldt oppstart av verneplanprosess må alle tiltak og aktivitetar i området vurderast som om området er verna.

I møtet foreslo Statsforvaltaren at vegen blir planlagt ut frå ei fartsgrense på 60 km/t, noko som etter Statsforvaltaren si tolking vil føre til mindre inngrep og krav til slak kurvatur, sjølv om dette vil krevje ein mur langs fjorden inst i Gryvlevika. Samla vil dette kunne redusere belastninga på naturmangfald, verneverdiar, redusere masseoverskotet, minske inngrep på innmark og opne for lågare skjeringar. Det er usikkerheit knytt til botntilhøva i Gryvlevika. For å få eit betre kunnskapsgrunnlag i den vidare planlegginga av tiltaket blir det gjennomført prøveboringar. På møtet vart det avtalt at Fjaler kommune kallar inn til eit nytt møte når fylkeskommunen får laga skisser på kurvatur og potensielle trasear, mellom anna med ein mur inst i Gryvlevika.

Statsforvaltaren har frå starten av verneprosessen fått innspel frå kommunane om å ha opning i forskrifta for dispensasjon for tiltak i samband med oppgradering av fylkesveg 57. Difor opnar § 5 i forslaget for at forvaltningsstyresmakta, etter søknad, kan gje dispensasjon til tiltak i samband med oppgradering av Fylkesveg. 57 langs Dalsfjorden. Naturmangfaldlova §§ 8 – 12 vil bli lagt til grunn i vurderingar av ein dispensasjonssøknad. Terskelen for å gje dispensasjon er lågare, jo større samfunnsnytte tiltaket er vurdert til å ha. Dette opnar for at det kan gjerast tiltak i samband med oppgradering av fylkesveg 57, samtidig som ein tek vare på verneverdiane. Dersom det skal gis dispensasjon legg forvaltningsstyresmakta til grunn at andre, alternative løysningar er vurdert og utelukka.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltaren i e-post 19.12.23 har opplyst at Vestland fylkeskommune ønsker å endre gjeldande reguleringsplan "FV57 Strandanes – Nistadlia", og at det truleg blir behov for inngrep i det føreslegne verneområdet.

Statsforvaltaren har i e-post 15.02.24 til Miljødirektoratet, opplyst at dei hadde eit nytt møte med fylkeskommunen 12.02.24 for å drøfte alternative løysingar til vegutbetringa langs Dalsfjorden. Det er mogeleg for fylkeskommunen å planleggje vegutbetringa utan å kome i konflikt med det marine vernet.

Statsforvaltarens vurdering er at ein dispensasjonsregel for tiltak i samband med oppgradering av fylkesvegen, slik dei har føreslått, er ei betre løysing enn å endre avgrensinga. Forslaget til avgrensing i Gryvlevika går opp til middel høgvatn (normal flo) for å fange opp intakte grunne område, som det er få av langs Dalsfjorden. Disse områda har funksjon som leve- og

oppvekstområde for marine artar. Dersom det visar seg at det likevel blir naudsynt med ein mur i vasskanten, vil ein kunne gje dispensasjon til dette med vilkår.

Vi sluttar oss til forslaget om ein spesifisert dispensasjonsregel, i tilfelle det i samband med utbetring av fylkesvegen skulle bli aktuelt å vurdere tiltak innanfor området. Formuleringa "kan etter søknad gje dispensasjon til" i verneforskrifter, betyr ikkje at forvaltningsstyresmakta skal gi dispensasjon, men at forvaltningsstyresmakta kan vurdere om ein søknad gjer grunnlag for dispensasjon. Det er berre aktiviteten eller tiltaket som direkte følgjer av den aktuelle regelen i § 5 det kan gis dispensasjon til. Ut frå Statsforvaltarens opplysningar og vurderingar ovanfor, legg vi til grunn at det i dette høvet eventuelt vil være snakk om eit mindre inngrep i området, som t.d. ein mur i vasskanten, og foreslår at det presiserast i dispensasjonsregelen at det berre kan gis dispensasjon til "mindre" tiltak. Ein søkjar vil ikkje ha krav på dispensasjon sjølv om vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

Naturmangfaldlova § 44 (tiltak ved igangsett sakshandsaming) gjeld for område kor det et kunngjort oppstart av verneplanarbeidet. Verknadene av reglane i § 44 er likevel avgrensa til fire år etter at forslaget er kunngjort. Oppstart av arbeidet med Dalsfjorden vart kunngjort i november 2017. Naturmangfaldlova § 44 gjeld dermed ikkje for dette området, men dei midlertidige retningslinjene for handsaming av saker som kan råke kandidatområda for marint vern gjeld.

6.2.3.3 Hamner, naust, bryggjer og fortøying av småbåt

Sunnfjord kommune viser i si høyringsuttale til at det i kommunedelplan «Forretning og industri» frå 2012 er opna for småbåthamner og næringsverksemd på nokre lokalitetar som ligg i det føreslegne verneområdet. Ei vurdering av om desse områda blir vidareført vil bli gjort i samband med ny arealdel i kommunedelplanen, og ein eventuelt vedteken verneplan før den tid vil kunne legge føringar for bruken av disse.

Kommunen peiker også på at det ligg ei brygge tilknytt den Trondheimske postveg i Svædsundet. Kommunen reknar med at vernet ikkje vil påverke denne, både fordi bryggja stort sett ligg innanfor djupnekote 2 meter under sjøkartnull, og fordi det er unntak i vernereglane for vedlikehald av brygger.

Statsforvaltaren tek innspelet om brygga tilknytt den Trondheimske postveg til vitande, og er samd i Sunnfjord kommune sine vurderingar om at eit marint vern av Dalsfjorden ikkje vil påverke bruk og vedlikehald av denne.

Askvoll kommune ønskjer ei avklaring på kvifor verneforskrifta § 5 omtalar bølgjedemparar i forbindelse med småbåtanlegg, og ikkje under regelen som gjeld småbåthamner medrekna m.a. flytebrygger og fortøying. Dei stiller også spørsmål om verneforskrifta skil mellom småbåthamner og småbåtanlegg. Kommunen peiker også på at det er trong for å presisere kva som skil to reglar verneforskrifta § 4 som begge regulerer fortøying og oppankring av båt.

Statsforvalteren føreslår endringar for å presisere føresegnene når det gjeld formuleringane kring oppankring av båt. I tillegg kan dette vere eit tema som kan konkretiserast nærare gjennom forvaltingsplanen. Når det gjeld innspela knytt til høve til å søkje om dispensasjon for tiltak for bølgjedemparar og småbåthamn/småbåtanlegg, er det føreslått presiseringar for å klargjere føresegnene. Statsforvaltaren føreslår også å flytte det som gjeld bølgjedemparar, slik at den følgjer like etter føresegna om småbåtanlegg.

Frode Hjelmeland er positiv til at fjorden vert verna mot inngrep som kan skade fjorden. Han viser til at ei flytebrygge med 13 båtplassar vart ferdig sommaren 2021. Denne ligg sør-vest for

kaifronten. Hjelmeland ber om at vernegrensa ved Skjeret blir trekt slik at aktivitet i samband med kaianlegget ikkje blir påverka. Han ber også om å få same behandling som småbåthamna i Eidevik fekk. I Eidevik vart vernegrensa flytta kant i kant med grensene i arealplanen som gjeld småbåthamna.

Statsforvaltaren føreslår at grensa rundt hamna endrast, slik at den eksisterande flytebrygga blir liggjande utanfor verneområdet.

M.M. Øvrebø AS v/Kjell Øvrebø fortel at dei har planar om å utvide kai-området ved Sveen kai. I den forbindelse vil dei ha vekk ein fjellknaus, og steinmassane vil dei legge i sjø i forlenginga av dagens kai. Eigedommen er regulert til industriområde. Sveen kai er ISPS-godkjent av Kystverket, og det er skipsanløp der kvar veke.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. Dei føreslegne vernegrensene går utanfor området som er regulert i arealdelen i kommunedelplanen til Sunnfjord kommune, og utanfor det området som er føreslått regulert til industriområde i arealdelen av kommunedelplanen som er på høyring. Sunnfjord kommune vil vurdere ei slik sak etter anna lovverk.

Tom Kristian Kårstad skriv at eit vern av Dalsfjorden vil hindre han og andre private/gardbrukarar å anleggje iler og flytebrygger, sidan vernegrensa vil gå nære land dei fleste plassar. Som grunneigar i område utan flytebrygge/ile vil han få problem med å ikkje påverke sjøbotn lengre ut enn 2 meters djupne. Vernet vil dermed redusere mogelegheita for båt og fiske på garden hans. Han foreslår difor at flytebrygge og ile ikkje bør bli regulert av verneforskrifta.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. Tilrådinga til verneforskrift opnar i § 5 for at det kan søkjast om å gjere tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båtopptrekk. Det kan også søkjast om å etablere flytebrygger i verneområdet, sjå tilrådinga til verneforskrift § 5. For iler vurderer vi at dette blir omfatta av reglane for fiske, sjå omtale av fiske og friluftsliv.

Ingar Nistad, Margunn Skudal Nistad, Bjørn Nistad, Tone Sævik Øvrebø og John Øvrebø sendte eit felles høyringssvar på vegner av bebuarar på Sveen i Bygstad. Her skriv dei at Dalsfjorden er ein fjord med mange kvalitetar, og for at det framleis skal vere attraktivt å bu langs Dalsfjorden må ein kunne nytte seg av fjorden. Då treng ein tilgang på brygge, kaianlegg og moloar med fortøyingsiler som toler ver og vind. Dette kjem i konflikt med verneforslaget. I tillegg er det innanfor verneområdet kaianlegg for utskiping av tømmer, sending/mottak av varer, og cruiseturisme er viktig for industrien i området. Dei peiker på at det er viktig at ein får halde fram med opprusting og bygging av kaianlegg utan at eit vern kjem i konflikt med dette.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande, jf. også kommentar i kap. 6.2.1.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens kommentarar. Statsforvaltaren føreslår at reglane om anlegg av fartøysfeste for småbåt (lengde inntil 15 m), flyttast frå § 4 (generelle unntak frå vernereglane) til § 5 (spesifiserte dispensasjonsreglar). Dette vil vere ei innskjerping samanlikna med høyringsforslaget, og strengare enn vedtekne verneforskrifter, der dette inngår i de generelle unntaka i § 4.

Vi tilrår at reglane om fartøysfeste for småbåt inngår i § 4 (generelle unntak frå verneforskrifta), som i høyringsforslaget, og at ordlyden blir som i forskriftsforslaget i vår tilråding om etablering av Stad marine verneområde 29.06.23: *… anlegg av mindre fartøysfeste for småbåt, medrekna fastfortøying og dragfortøying. Fortøyingsmiddel på faste fortøyingar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar …*

Vi nemner at ile er et hjelpemiddel til å holde line eller garn på plass, og iltauet brukast når reiskapen skal trekkast opp i båten.

Forslaget til verneforskrift er ikkje til hinder for bruk, drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar.

Ev. konkretiseringar i forvaltningsplan, må vere innanfor ramma av verneforskrifta.

6.2.3.4 Kablar, røyrleidningar og mudring

BKK Nett AS, tidlegare Sunnfjord Energi, peiker på at eit eventuelt vernevedtak ikkje bør gjere det vanskelegare med vedlikehald av deira nettkomponentar. Inspeksjon, ombygging, drift og utbetring av feil bør òg kunne utførast utan større hindringar i verneområdet. Dette gjeld òg framtidige nettanlegg. BKK Nett AS registrerer òg at eventuelle framtidige behov for erstatning av eksisterande luftspenn med sjøkabel er ivaretekne gjennom den føreslegne verneforskrifta §§ 4 og 5. BKK Nett AS informerer om at dei har starta ein prosess for å vurdere om luftspennet Nistad – Kleppe bør bli erstatta av sjøkabel på strekninga Halsnes – Sunde.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande.

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) er positiv til eit generelt unntak i verneforskrifta for drift, vedlikehald og fornying av eksisterande sjøkablar samt naudsynte reparasjonar av sjøkablar ved akutt utfall i verneforskrifta § 4. NVE er òg positiv til at § 5 opnar for at det etter søknad kan gis dispensasjon for legging av kablar og røyrleidningar. NVE ber om at § 4 og § 5 vert endra slik at føresegna òg gjeld luftliner, då arbeid med desse vil kunne krevje ferdsel i verneområdet.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande. Eit marint verneområde vil ikkje avgrense ferdsel med båt, bruk av dronar, konstruksjonar på land eller anna som kan hindre montering av eit luftspenn over Dalsfjorden.

Sunnfjord kommune ønskjer at kommunale vass- og avlaupsleidningar vert inkludert i dei generelle unntaka i verneforskrifta § 4, slik at dei same reglane gjeld for desse som for sjøkablar. I tillegg saknar dei omtale av sanering i verneforskrifta § 4. Kommunen ber også om at det blir presisert i verneforskrifta i kva for tilfelle det generelle unntaket frå vernereglane for vedlikehaldsmudring gjeld, og i kva for tilfelle ein må ha dispensasjon for mudring, då dette kan vere uklart.

Statsforvaltaren viser til at drift- og vedlikehald av kommunale vass- og avlaupsleidningar, fell inn under § 4. For å klargjere dette, føreslår Statsforvaltaren at vass- og avlaupsleidningar tas inn som døme på eksisterande anlegg og innretningar. Det er vidare ope for å søkje dispensasjon for å leggje nye vann- og avlaupsleidningar med løyve til utslepp av reinska kloakk etter verneforskrifta. Dette gjer at ein kan balansere behovet for nye tiltak opp mot verneverdiane i området. Statsforvaltaren ser at formuleringa ikkje er tilstrekkeleg tydeleg på at også sjølve utsleppet av reinska kloakk er omfatta av føresegna, og føreslår derfor ei presisering av ordlyden.

Formuleringa i § 4 om oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar, er eit standard unntak som gjeld i fleire marine verneområde. Det er i utgangspunktet ikkje forbod mot å fjerne tiltak, som til dømes sjøkablar som ikkje er i bruk. Dersom det er naudsynt å gjere ulike inngrep i samband med saneringstiltaket, kan dette verte råka av forbodet mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane, sjå verneforskrifta § 3 første bokstav c. Slik sett kunne det kanskje vere høveleg å leggje til sanering i tillegg til oppgradering og fornying for å synleggjere dette tiltaket. Vi føreslår likevel ikkje å endra føresegna i denne omgang, då vi ikkje er kjent med at dette er ein aktuell problemstilling i verneområdet. Vi legg i vurderinga vekt på omsynet til verdien av å ha

like vernereglar for dei tema der ikkje særlege lokale tilhøve gir grunn for å ha særeigne unnatak frå vernereglane. I følgje verneforskrifta § 7 kan forvaltningsstyresmakta eller den som forvaltningsstyresmakta bestemmer setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er føremålet med vernet. Sanering vil i mange tilfelle bidra til å betre naturtilstanden, og difor vil § 7 kunne nyttast der. Ein eventuell søknad om sanering vil også kunne verte vurdert etter naturmangfaldlova § 48.

Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvalting og skjøtsel, jf. verneforskrifta § 8. Her vil det vere naturleg å omtala tilhøvet mellom det generelle unntaket frå vernereglane for vedlikehaldsmudring og høve til å søkje dispensasjon for mudring. Vi føreslår difor ikkje endring av verneforskrifta på desse punkta.

Frode Hjelmeland peikar på at verneforskriftene ikkje må vere til hinder for å etablere varmepumpe med sjøleidning som kjelde for varmefangst.

Statsforvaltaren viser til at forslaget til verneforskrift opnar for at det etter søknad kan gis dispensasjon for legging av sjøleidning i samband med etablering av varmepumpe.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens kommentarar. Når det gjeld omtalte prosess for å vurdere om luftspenn bør bli erstatta av sjøkabel, har Statsforvaltaren opplyst at det ikkje er nye opplysningar om framdrift.

Når det gjeld spørsmålet om dispensasjon for legging av sjøleidning i samband med etablering av varmepumpe, gjer vi merksam på at den spesifiserte dispensasjonsregelen om kablar og røyrleidningar i forslaget til verneforskrift berre gjeld legging av leidningar gjennom området, og ikkje ev. andre installasjonar eller utslepp knytt til leidningane. Skulle det bli aktuelt å vurdere andre tiltak enn berre ein sjøleidning, må det vurderast etter naturmangfaldlova § 48.

Vi legg til grunn at det generelle unntaket for "vedlikehaldsmudring" i forslaget til verneforskrift, berre gjeld område som tidlegare har blitt mudra, og på same stad og i same omfang som tidlegare når det gjeld djupne, breidde og lengde. Dumping av massar frå mudring innanfor verneområdets grenser, vil likevel ikkje vere lov, jf. forbodet i § 3 i forslaget til verneforskrift. Behov for vedlikehaldsmudring kan oppstå som følgje av tilførsel av sediment frå t.d. elver. Den spesifiserte dispensasjonsregelen om "mudring", gjeld mudring i område som ikkje har blitt mudra tidlegare.

Dersom fjerning av anlegg eller innretningar som ikkje er i bruk skulle bli aktuelt og dette inneber tiltak i strid med vernereglane, kan dette, som Statsforvaltaren påpeikar, handsamast etter naturmangfaldlova § 48. Ifølgje § 6 (generelle dispensasjonsreglar) i forslaget til verneforskrift, kan forvaltingsstyresmakta gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48. Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet ment for upårekna tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ikkje vart vurdert ved etableringa av verneområdet. Sjå også omtalen av naturmangfaldlova § 48 i kap. 7 i Miljødirektoratets rundskriv om forvaltning av verneforskrifter: https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m106/m106.pdf

Når det gjeld regelen om skjøtsel (§ 7) i forslaget til verneforskrift, viser vi til at forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan iverksette tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstand som er føremålet med vernet i samsvar med naturmangfaldlova § 47. For å vurdere om eit tiltak fell inn under skjøtselregelen eller ikkje, må det gjerast konkrete vurderingar i kvart enkelt tilfelle.

6.2.3.5 Utslepp og avrenning

Ariel Seafood AS har, i samanheng med kontrollert skjeldyrking, teke vassprøver i Dalsfjorden kvar veke, ti månader i året, sidan 2001. Dei har òg teke skjel-prøver jamleg, for å analysere innhald av tungmetall og liknande. Ariel Seafood har, gjennom den jamlege prøvetakinga, mellom anna registrert at avrenning frå landbruket gjer at det blir mykje E. coli-bakteriar i Dalsfjorden, særleg i periodar på hausten og våren. Vidare skriv Ariel Seafood at dei erfarer at det er mindre fisk i Dalsfjorden no enn tidlegare, og stiller spørsmål om dette er grunna forureining frå land. Ariel Seafood AS er difor positive til verneframlegget, men meiner verneplanen må byggje på aktuell kompetanse, samt eit mål om å byggje opp att Dalsfjorden som eit godt område for friluftsliv og hobbyfiske. For å få til dette meiner dei at arbeidet med å stoppe/redusere tilsig frå land må prioriterast.

Fjaler kommune peiker på at Statsforvaltaren bør legge NIVA sin rapport om resipientkapasiteten i Dalsfjorden til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren spesifisere kva som meinast med regelen som handlar om utslepp av reinska kloakk i § 4 og regelen som handlar om dispensasjon til nye leidningar for utslepp av reinska kloakk i § 5 i forslaget til verneforskrift.

Statsforvaltaren viser til omtale over når det gjeld verneforskrifta § 4 om avlaupsleidningar. Det er etter § 5 høve til å søkje om å leggje ut nye kloakkrøyr med løyve til utslepp av reinska kloakk, medan utslepp i samsvar med gjeldande regelverk er omfatta av dei generelle unntaka for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar i § 4.

Askvoll kommune nemner i sitt høyringsinnspel eit mindre avløpsanlegg (slamskiljar) på ein veglaus plass i Fossevika som i dag blir nytta av ei mindre reiselivsverksemd. Dette anlegget kan vere aktuelt å utvide i framtida, anten grunna fast busetnad eller auka turistverksemd. Kommunen ber difor om at det blir vurdert om det kan opnast for mindre, ureinsa utslepp, eller at det presiserast i verneforskrifta kva som kan opnast for. Dei meiner òg det bør leggast til røyrleidningar under § 4, slik at det og er unntak for drift og vedlikehald av desse. Kommunen ønskjer vidare ei presisering av ordlyden i § 4 om utslepp av reinska kloakk, og kva som fell inn under dette.

Statsforvaltaren viser til at avrenning frå landbruket ikkje vil bli regulert gjennom verneforskrifta, men dersom slike tiltak kan påverke verneverdiane i det marine verneområdet, skal det takast omsyn til dette i vurderinga om eventuelle løyve til tiltak, sjå naturmangfaldlova § 49. Vidare gjeld aktsemdplikt i naturmangfaldlova § 6 for tiltak som ikkje krev løyve.

I § 3 bokstav c i verneforskrifta heiter det at området er verna mot tiltak og inngrep som til dømes utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining. Drift og vedlikehald av eksisterande vass- og avlaupsleidningar blir ikkje påverka av verneforskrifta. Etter tilråding til verneforskrift § 5, kan forvaltningsmyndigheit gje løyve til utlegging av nye leidningar for utslepp av reinska kloakk i samsvar med andre lover og forskrifter. Forureiningsmyndigheita skal ta omsyn til resipientkapasiteten i Dalsfjorden når dei gir utsleppsløyve etter gjeldande forureiningsregelverk. I naturmangfaldlova § 49 står det at dersom verksemd som treng løyve etter anna lov kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde, skal omsynet til desse verneverdiane bli tillagt vekt ved avgjerda av om løyve skal bli gitt, og ved fastsetjing av vilkår. Dette vil også vere relevant for Dalsfjorden dersom området blir verna.

Sunnfjord kommune skriv at dei ønskjer å greie ut nye reinsekrav for Dalsfjorden. Kommunen fortel også at Avinor har eit midlertidig løyve til å sleppe ut glykolhaldig snø frå flyplassen på Bringeland, og ber Statsforvaltaren sjekke varigheit, samt vilkåra, for dette løyvet.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. I utsleppsløyvet heiter det at «Oppsamla glykolhaldig overvatn skal transporterast og sleppast på Gaular kommune sin utsleppsleidning (etter reinseanlegget) med utslepp i sjøresipient (Dalsfjorden). Det glykolholdige overvatnet må førast ut på ein slik måte at innblandinga i vassmassane vert best mogleg». Utsleppsløyvet er gyldig fram til det eventuelt blir endra.

Miljødirektoratet understrekar at ikkje alle miljøutfordringar som er knytt til eit område kan løysast gjennom etablering av eit verneområde og forvaltinga av det, sjå også kap. 5.1.2. Som Statsforvaltaren visar til, gjeld naturmangfaldlova § 49 for utanforliggande verksemd som kan medføre skade inn i eit verneområde. Ei verneforskrift vil berre gjelde innanfor verneområdets grenser.

Det er etablert eigne forvaltingsordningar for å handtere ulike miljøutfordringar, der forvaltinga skjer etter anna regelverk. Ei verneforskrift vil gjelde side om side med anna regelverk. Det betyr at ein i tillegg til å søkje om løyve etter verneforskrifta ,også må søkje om nødvendige løyve etter anna aktuelt regelverk, t.d. havressurslova og forureiningslova. Det vil derfor vere

det strengaste regelverket som vil vere avgjerande for om tiltaket kan gjennomførast. Tiltak i verneområde må ha løyve både etter naturmangfaldlova og etter det regelverket tiltaket generelt regulerast etter. Dersom eit tiltak ikkje er regulert i verneforskrifta, gjelder anna lovgiving aleine.

Avrenning av næringsstoff frå jordbruket kan gi dårleg tilstand i vann. Gjennom EUs rammedirektiv for vatn og vassforskrifta er Norge forplikta til å oppnå god økologisk tilstand i vann, innsjøar, vassdrag og kyst innan 2027, med mindre nokre vassførekomstar har fått utsett frist for å nå målet (2033).

Alle har ei plikt til å unngå forureining, jamfør forureiningslova § 7. Forureining kan vere lovleg dersom det er gitt løyve etter forureiningslova § 11. Statsforvaltaren kan gi løyve til ulike tiltak etter forureiningslova, mellom anna til utslepp av overvatn som inneheld glykol. Når det vert gitt løyve til forureining vert det samstundes sett vilkår, mellom anna at utslepp ikkje skal medføre redusert miljøtilstand i vassførekomstane/resipientane. Vert grenseverdiane overskride, må verksemda gjere tiltak for å redusere utsleppa/betre reinsinga slik at grensene vert overhalde. Om naudsynt kan Statsforvaltaren sette strengare krav eller oppheve løyvet.

Statsforvaltaren har gitt Førde Lufthamn, Avinor AS løyve til utslepp av bane- og flyavvisingskjemikal frå Førde lufthamn på Bringeland, som ligg om lag 5 kilometer unna Dalsfjorden. Glykolhaldig vatn vert samla opp på tank og transportert til kommunen sin utsleppsleppsleidning med utslepp i Dalsfjorden. Dette fell inn under unntaket for drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar i forslaget til verneforskrift.

6.2.3.6 Ankring

Anders Pihl eig den veglause husmannsplassen Fosseviken, som ligg i nærleiken av brua over Dalsfjorden. Han informerer om at Fosseviken (omtalt som Fossvika på kart) i dag blir brukt til å ta imot turistar som kjem med yachtar. Yachtane må ankre opp ein stad, og Pihl er bekymra for at eit eventuelt vern av Dalsfjorden gjer at oppankringa vil bli ulovleg.

Sunnfjord kommune støttar forslaget om ein ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å finne ei løysing med forankring av båtar større enn 15 meter som tek omsyn til både næringsinteressene og verneinteressene.

Kystverket er uroa for eit generelt ankringsforbod i marine verneområde. Dei oppmodar i si tilleggsuttale til høyringa om at det skal vere lov med ankring innanfor to avmerkte område; eit i Røvika og eit i Fossvika. Bakgrunnen for dette er at dei ventar at trafikken i Dalsfjorden vil auke, særleg knytt til turistattraksjonen Laukelandsfossen. Også anna trafikk i Dalsfjorden vil kunne ha behov for gode ankringsområde. Kystverket peiker også på at det å merke av to ankringsområde i sjøkart vil redusere omfanget av meir tilfeldig ankring, noko som kan ha ei positiv effekt på det marine botnmiljøet i Dalsfjorden.

Frode Hjelmeland er positiv til at Dalsfjorden blir verna mot inngrep som kan skade fjorden. Han fortel vidare at skip opp til 120 meters lengde legg til kai/lossar ved kaia på Skjeret i Bjørvika. Når desse skipa lossar ankrar dei opp både mot kaifronten, eit fast ankringspunkt på land, og mot sjøbotnen framføre og bak på skipet. Ankringa framføre og bak skipet vil gå føre seg innanfor inntil 80 meter innanfor dei føreslegne vernegrensene. Hjelmeland ber difor om at vernegrensene blir trekt slik at aktiviteten ved kaia ikkje blir påverka av vernereglane.

Statsforvaltaren tek disse innspela til etterretning og har føreslått å tilpassa både forskrift og avgrensing så langt det let seg gjere. Statsforvaltaren ser at det er eit behov for gode ankringsområde i Dalsfjorden, også for fartøy større enn 15 meter. Båtar under 15 meter er definert som småbåtar jf. § 1 i småbåtforskrifta, og kan difor etter forslaget til verneforskrift ankrast mot land. I mai 2018 vart botn av Dalsfjorden kartlagt langs 10 transekt av Rådgivande Biologar. Det eine transektet gjekk rett over det føreslegne ankringsområdet i Røvika, og eit transekt vart kartlagt i nærleiken av Fossvika. Langs desse to transekta vart det ikkje registrert førekomstar av korallar. Med bakgrunn i dagens kunnskap, vurderer Statsforvaltaren at naturverdiane på botn i Fossvika og Røvika er av ein slik karakter at det kan opnast opp for ankring i desse to områda. Statsforvaltaren føreslår difor at område vert merkt i vernekartet, og at § 4 opnar for ankring innanfor dei merkte områda. Statsforvaltaren har føreslått ei opning i verneforskrifta (§ 5) for å sikre at fartøy større enn 15 meter kan søkje om å ankre opp andre stader i det føreslegne verneområdet enn Fossvika og Røvika. Her vil det vere viktig kva kunnskap ein har om botnforholda, før forvaltningsmyndigheita vurderer eit eventuelt løyve.

For kaia på Skjeret i Bjørvika føreslåast ei generell opning i verneforskrifta slik at ankring innanfor verneområdet i samband med anløp, lasting og lossing ved denne kaia vil vere lov.

Kartlegginga som er nemnt over omfatta sju område med mogleg førekomst av viktig marint naturmangfald. Det vart mellom anna påvist to område med naturtypen blautbotnsområde i strandsona, som vart kategorisert som lokalt viktig. Det var også påvist restar av vanleg sandskjel (VU, sårbar) fleire stadar, samt tette førekomstar av begerkorall ved Bjørsvika og fleire andre djupare område. Elles var vart det påvist lågt artsmangfald, noko som er typisk for ferskvasspåverka fjordar (rapport nr 2801, Haugsøen og Eilertsen 2019). Omsynet til naturmangfaldet i grunne område gjer at det er trong for å kunne vurdere den konkrete plasseringa av faste fortøyingsanlegg for småbåt. På denne måten kan vi sikre at ankringspunkt vert plassert i område kor viktige verneverdiar ikkje vert råka. Retningsliner for lokalisering og handsaminga av søknader om slike fortøyingsanlegg må inngå i forvaltningsplanen for Dalsfjorden marine verneområde.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens kommentarar. Vi sluttar oss til forslaga om endring i forskrifta.

6.2.4 Fiske og akvakultur

Sunnfjord kommune peiker på eit innspel til oppstartsmeldinga om at fisketurismen i Dalsfjorden kanskje ikkje er berekraftig. Kommunen ber Statsforvaltaren vurdere å kartlegge omfanget av fisketurismen, samt påverknaden denne kan ha på det føreslegne verneområdet. Sunnfjord kommune kjenner ikkje til at det vert nytta fiskereiskap som påverkar botn i det føreslegne verneområdet. Dette inkluderer òg taretråling og reketråling.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande.

Havforskningsinstituttet ønskjer ikkje at verneforskrifta opnar for jakt, fangst og fiskeri i det føreslegne marine verneområdet. Å stengje for dette vil vere i tråd med føremålet om «å verne norsk natur for kommande generasjonar» Dette baserer dei på nyare kunnskap om marine verneområde som seier at det er viktig å innføre eit strengt vern mot menneskelege aktivitetar som fiske for å oppnå ein god effekt av det marine verneområdet.

Statsforvaltaren viser til verneforskrifta § 3 bokstav b, som slår fast at dyrelivet i sjø er verna mot skade og øydelegging. Utgangspunktet i naturmangfaldlova er at restriksjonane i eit marint verneområde ikkje skal vere strengare enn det som er naudsynt ut i frå omsynet til verneverdiane og føremålet med vernet (Ot. Prp. Nr. 52 (2008-2009), s. 222 og 417). I tillegg er det fastsett at innafor ramma av verneforskrifta er hausting og anna utnytting av viltlevande marine ressursar regulert etter havressurslova, jf. naturmangfaldlova § 39 sjette ledd. Verneforskrifta set i § 4 forbod mot hausting av skjel og vegetasjon, men ut over dette er jakt, fangst og fiske i samsvar med praksis for marine verneområde regulert gjennom sektorlovgivinga jf. verneforskrifta § 4.

Det er ein føresetnad at havressurslova og lakse- og innlandsfisklova regulerer fiske innanfor berekraftige rammer. Å endre forskrifta slik at det vert forbod mot jakt, fangst og fiske, vil i tilfelle gå ut over dei rammene i oppdraget som Fylkesmannen, seinare Statsforvaltaren har fått. Det vil også vere ei vesentleg endring som i tilfelle vil utløyse ei ny høyring av verneforskrifta. Vi merkar oss Havforskingsinstituttets innspel om at det generelle forskingsbaserte kunnskapsgrunnlaget tilseier at det er naudsynt å innføre strengt eller fullt vern mot menneskelege aktivitetar, medrekna fiske, for å oppnå positivt utbytte av innsatsen med å opprette et marint verneområde. Verneføremålet for Dalsfjorden marine verneområde, sett opp mot innretninga til marint vern etter naturmangfaldlova, gir i dag ikkje grunnlag for ei meir restriktiv regulering av jakt, fangst og fiske. Dersom kartleggingar og erfaring med vernet på eit seinare tidspunkt tilseier meir restriktiv regulering, må det vurderast å føreslå endring av forskrifta på desse punkta. Dette vil i så fall krevje ei ny og vesentleg strengare stortingsmelding som ramme for marint vern i Noreg.

Mattilsynet viser til at Dalsfjorden er ein nasjonal laksefjord, noko som legg føringar for etablering og drift av akvakulturanlegg. Det er òg to skjell-lokalitetar i det føreslegne verneområdet som er basert på naturleg påslag, noko som gjer at det ikkje vil bli utsett biologisk materiale frå andre område i desse anlegga utan løyve frå Mattilsynet.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande.

Ariel Seafoods skriv at verneplanen ikkje må få ei slik utforming at den hindrar utnytting av fjorden til næringsverksemd, så lenge denne verksemda ikkje forureinar fjorden eller øydelegg miljøet for dei dokumenterte verneverdiane.

Statsforvaltaren viser til at det i tilråding til verneforskrifta § 5 opnast det for at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gje dispensasjon til akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens kommentarar, og føyer til at ikkje alle miljøutfordringar som er knytt til eit område kan løysast gjennom etablering av eit verneområde og forvaltinga av det. Det er etablert eigne forvaltingsordningar for å handtere ulike miljøutfordringar, der forvaltinga skjer etter anna regelverk. Ei verneforskrift vil gjelde side om side med anna regelverk, t.d. havressurslova og forureiningslova, der det vil vere det strengaste regelverket som blir avgjerande for kva som vert tillate.

Når det gjeld fiske, har hovudtilnærminga i arbeidet med marint vern (vedtekne områder og andre føreslegne område), vært at eventuell regulering av/forbod mot hausting av marine dyr er relatert til metode/reiskapstype (t.d. hausting som kan skade sjøbotnen), og ikkje til omfanget av hausting. Generelt har det vært lagt opp til at bestandsregulerande tiltak skjer i medhald av fiskerilovgivinga (havressurslova). Det er likevel mogleg å verne eit område i sjø mot all verksemd, forureining, tiltak og bruk, med de avgrensingar som følgjer av folkeretten, jf. naturmangfaldlova § 39.

Forskriftene for alle marine verneområde som er vedteke frå og med 2020 har ein spesifisert dispensasjonsregel om akvakultur. Ved sluttbehandlinga av ni marine verneområde som vart oppretta i juni 2020, vart tatt inn en spesifisert dispensasjonsbestemmelse for akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Klima- og miljødepartementet viste til at akvakultur er ei næring i rask utvikling, og at det i framtida kan være mogleg at akvakultur kan foreinast med verneformålet i område der dette ikkje er aktuelt i dag.

Forslaget til verneforskrift inneheld generelle unntak for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar. Dette omfattar også eksisterande akvakulturverksemd, sjølv om det ikkje er spesifikt nemnt i forskriftsforslaget.

6.2.5 Kulturminne

Riksantikvaren viser til at Fylkeskommunen er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker, og handsamar difor ikkje denne saka.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande.

Bergen sjøfartsmuseum skriv at det er mogleg at det ligg kulturminne i området. Dei er positive til forslaget om marint verneområde i Dalsfjorden, og dei effektane dette vil ha på dei marine natur- og kulturmiljø. Medan den føreslegne verneforskrifta ikkje hindrar tiltak i området, blir det framleis aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i området i forbindelse med planarbeid eller tiltak i framtida.

Statsforvaltaren ser positivt på at Bergen sjøfartsmuseum vil følgje opp i framtida. Vi har ikkje motteke innspel frå Fylkeskommunen som gjeld kulturminne.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens merknader, og legg til at forslaget til verneforskrift inneheld ein spesifisert dispensasjonsregel for istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.

6.2.6 Forvaltningsplan og forvaltningsstyresmakt

Sunnfjord kommune ber om at det vert prioritert å utarbeide ein forvaltningsplan etter vernevedtak. Ein slik forvaltningsplan bør klargjere verneforskrifta og tydeleggjere føringar for

handsaming av tiltak i verneområdet. Her er det viktig at forvaltninga legg vekt på at vernet ikkje skal legge avgrensingar på framtidsretta utvikling i området. Sunnfjord kommune vil delta aktivt i utarbeidinga av forvaltningsplanen. Dei tilrår at det blir oppretta eit verneområdestyre med politiske representantar frå kvar av kommunane.

Statsforvaltaren tek innspelet til vitande. Verneforskrifta sin § 8 slår fast at det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet.

I høyringsperioden har det vore løfta fram ulike modellar for forvaltning av eit framtidig verneområde i Dalsfjorden. Ei liknande ordning som norske nasjonalparkar i dag har, med interkommunale forvaltingsstyre og eigne forvaltarar, kan vere aktuelt om forholda ligg til rette for det. Vi har gode røynsler med interkommunale forvaltingsstyre for nasjonalparkar og store landskapsvernområde, og er open for at ei liknande ordning kan fungere også for marine verneområde. Det er bestemt at Lopphavet marine verneområde, som det største marine verneområdet i landet, skal bli forvalta av eit oppnemnt styre. I verneområdestyret skal kommunane, fylkeskommunen og Sametinget delta, og ha ein lokalt tilsett verneområdeforvaltar. Eit verneområdestyre etter denne modellen bør bli oppretta for Dalsfjorden marine verneområde.

Miljødirektoratet har mynde til å fastsetje kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for verneområda, og det kan opprettast et rådgjevande utval for forvaltninga. I tråd med oppdragsbrev 08.09.14 frå Klima- og miljødepartementet, vert forvaltningsmynde for mindre verneområde i første omgang tilbydd til den aktuelle kommunen, med unntak for verneområde som i dag grensar inntil område som i dag blir forvalta av nasjonalparkstyre eller verne-områdestyre. Tilbodet omfattar heller ikkje verneområde som strekkjer seg over fleire kommunar. Det føreslegne marine verneområdet grensar ikkje inntil område som forvaltast av nasjonalpark- eller verneområdestyre, men det grenser inntil naturreservata Holmelidholmen og Osen, som forvaltast av Statsforvaltaren. Området omfattar areal i tre kommunar. Føringane i departementets brev tilseier dermed at Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for området.

Som Statsforvalteren peiker på, er det bestemt at Lopphavet marine verneområde skal bli forvalta av eit oppnemnt styre. I svar på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet i forkant av vernevedtaket, peikte Miljødirektoratet på at etablering av et verneområdestyre, slik det er praksis for når det gjelde nasjonalparkar og store landskapsvernområde, kan være en moglegheit. Dette må likevel sjåast på bakgrunn av områdets størrelse; Lopphavet er med eit areal på ca. 1322 km^2 landets største marine verneområde. Til samanlikning utgjer verneforslaget for Dalsfjorden eit areal på ca. 10,7 km^2.

6.2.7 Andre forhold knytt til forslaget til verneforskrift og avgrensing

Sunnfjord kommune peiker på at store deler av verneområdegrensa i Sunnfjord ikkje går langs djupnekote 2 meter under sjøkartnull, då det er mange grunne område i Sunnfjord-delen av det føreslegne verneområdet, der grensa er trekt lenger mot land. Sunnfjord kommune meiner dette burde komme tydlegare fram, både i verneforskrifta og i høyringa.

Statsforvaltaren tek innspela til vitande og viser til endringar i verneforskrifta i si tilråding. I forskrifta § 2 presiserer vi no at verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området, unntatt der verneområdet grensar til dei nærare fastsette eigedomane nemnt i tredje til femte ledd i føresegna. Dette vil òg gå fram av vernekartet. For å

lette forståinga av korleis verneområdet er avgrensa, føreslåast også nokre fleire justeringar av verneforskrifta § 2.

Askvoll kommune viser til avgrensinga av det føreslegne verneområdet i verneforskrifta § 2. Kommunen meiner denne bør presiserast slik at det blir meir tydeleg kvar grensene følgjer djupnekote 2 meter under sjøkartnull, og kvar den går i grunnare område. Særleg ber dei om ei presisering av kva som fell inn under «indre delar av Dalsfjorden».

Statsforvaltaren tek innspela til vitande og viser til endringane Statsforvaltaren har gjort i verneforskrifta i si tilråding. Når det gjeld innspela til verneforskrifta § 2 om å presisere avgrensinga av verneområdet, føreslåast endringar som vil gjere dette meir tydeleg.

Statsforvaltaren påpeiker at det samla sett ikkje har kome innspel i høyringsrunden som tilseier at det er trong for å gjere vesentlege innhaldsmessige endringar i verneforskrifta. På bakgrunn av verneprosessen og høyringa meiner vi likevel at det er trong for nokre mindre endringar når det gjeld ankring og fortøying av båtar for å balansere omsynet mellom bruk og vern. Høyringa har vist at det er naudsynt å gjere den geografiske avgrensinga av verneområdet tydelegare, vi rår difor til å gjere nokre endringar i verneforskrifta § 2. Vi føreslår også nokre presiseringar og endringar for å få føremålet med vernet tydelegare frem, og for å få betre samanheng både i sjølve verneforskrifta og opp mot dei sist vedtekne verneforskrifter med tilsvarande restriksjonsnivå.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens kommentarar, og til omtale og vurdering av forslag til verneforskrift og avgrensing i samband med ulike tema i delkapitla ovanfor.

7 Forvaltnings- og budsjettmessige vurderingar

7.1 Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet er innstilt på at Statsforvaltaren blir forvaltningsstyresmakt, sjå vurdering i kap. 6.2.6.

7.2 Forvaltningsplan og kartlegging

Forvaltingsplan for området må bli utarbeida snarast mogleg etter vernevedtak, slik at ein har eit godt planverktøy for å forvalte verneområdet. I samband med dette vil det også vere behov for nærmare kartlegging av naturmangfaldet i området, som grunnlag både for overvaking av tilstand, bruk av området som referanseområde, vurdering av tiltak for å ivareta verneverdiane og handsaming av dispensasjonssøknader. I sum vil dette bidra til ei meir treffsikker forvaltning av verneområdet.

7.3 Kostnader, medrekna erstatning

Utarbeiding av forvaltningsplanar vert finansiert over kap. 1420.21. Kartlegging kan finansierast over kap. 1420.32.

Kostnader ved utarbeiding av forvaltningsplanar varierer frå område til område, og avheng mellom anna av områda sin storleik og kompleksitet når det gjelder brukarinteresser. Røynsler frå arbeid med forvaltningsplanar for dei marine verneområda Gaulosen, Rødberget og Saltstraumen, tilseier ein kostnad i storleiksorden 0,2-0,4 mill. kr.

Kostnader ved kartlegging av naturmangfaldet varierer frå område til område, og avheng av områda sin storleik, kompleksitet når det gjelder naturforhold og kor detaljert kartlegging det blir lagt opp til. Ein annan faktor er kor godt områda er kartlagt på førehand. For dei fleste vedtekne og føreslegne marine verneområde, har dette omfatta innhenting av eksisterande kunnskap og kartlegging med sikte på å identifisere aktuelle område som kan bidra til eit representativt vern. For Dalsfjorden er det utarbeidd to kartleggingsrapportar, sjå kap. 2.2. For å oppnå ei treffsikker forvaltning, krevjast ytterlegare kartleggingar. Erfaringar frå andre område, tilseier ein kostnad i storleiksorden 0,2-1 mill. kr. Noko av denne kartlegginga vil også kunne være aktuell under nullalternativet.

Eventuelle utgifter til erstatning og gjennomføring av en eventuell erstatningsprosess, samt merking og oppsetting av skilt, vert føresett dekka innanfor løyving under kap. 1427 post 32. Utgiftene pr. område er no vurdert til 0,2 mill. kr i gjennomsnitt. Det føreslegne verneområdet omfattar i avgrensa grad privat grunn.

8 Miljødirektoratets tilråding

Miljødirektoratet har i denne saka vurdert nullalternativet og Statsforvaltarens forslag.

Dalsfjorden er omkransa av fossefall og bratte, skogkledde lier. Det er stor tilførsel av ferskvatn, og det har danna seg spesielle naturmiljø under vatn. Artar som ein vanlegvis finn djupare under overflata, trivst i ganske grunne område her. Fjorden er smal, og med fleire spesielle biologiske førekomstar som korallar, sjeldne brakkvassplantar og rike straumområde. Både anemonar og korallar trivst godt i det straumrike sundet. Fleire stader i Dalsfjorden er det funne store mengder med grunne førekomstar av begerkorall.

Det er relativt små verknadar av det føreslegne vernet, i både positiv og negativ retning. Det er relativt avgrensa trugsmål per no og ingen næringsinteresser eller andre interesser som peikar seg spesielt ut. Trugsmåla kan likevel endre seg over tid og det er viktig å sikre langsiktig bevaring av norske fjordar.

Vi viser til at det som grunnlag for gjennomføring av verneplanprosessar skal bli lagt vekt på lokalpolitisk semje. Ingen av kommunane har uttalt at dei er negative til vern i seg sjølv. Askvoll kommune er positiv til vern. Sunnfjord kommune, Fjaler kommune og Vestland fylkeskommune er negative til vern, dersom det fører til at det blir vanskelegare å bu og drive næringsverksemd langs Dalsfjorden, eller dersom det fører til at eksisterande prosjekt ikkje kan fullførast. Kommunane og fylkeskommunens innspel, er i stor grad teke omsyn til gjennom tilpassingar i forslag til avgrensing og verneforskrift.

Gjennom overvakinga som det leggast opp til, vil utviklinga i tilstand i forhold til verneverdiane kunne følges. Dette kan gi grunnlag for å sette i verk tiltak ved negativ påverknad av verneverdiane, samt eit betre grunnlag for å vurdere samla belastning ved handsaming av dispensasjonssøknader, jf. naturmangfaldlova § 10.

Kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11. Vernevedtaket i seg sjølv medfører ikkje miljøforringing. I verneforskriftene er det gjort generelle unntak frå forskriftas forbodsreglar. I unntaket for fortøying av småbåt, er det foreslått at «Fortøyingsmiddel på faste fortøyingar må være i stein eller annet materiale som ikkje forureinar». Dersom dette vil være fordyrande, vil tiltakshavar måtte dekke dette sjølv. For nokre

typar tiltak har det i verneprosessen vært vurdert om det skal bli opna for tiltaket gjennom en unntaksregel i forskriften eller som eit høve til å gi dispensasjon (spesifisert dispensasjonsregel). Når valet har falt på dispensasjonsbestemmelse, så har anledninga til å kunne sette vilkår av omsyn til verneverdiane vært eit viktig argument. Det er tiltakshavar som må dekkje eventuelle meirkostnader slike vilkår medfører.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er vektlagt i verneprosessen i forbindelse med fastsetting av forslag til fråsegner, medrekna spesifiserte dispensasjonsreglar.

Prinsippa i naturmangfaldlova vil bli vurdert og vektlagt ved behandling av søknader om dispensasjon frå verneforskrifta og i arbeidet med forvaltingsplan.
Når det gjelder framtidig belastning, sett den føreslegne verneforskrifta forbod mot eller regulerer tiltak og aktivitetar som blir vurdert å kunne ha negativ effekt på naturmangfaldet i det marine miljøet.

Gjennom heile verneplanprosessen er det gjort avvegingar mellom områdets verneverdiar og andre viktige samfunnsinteresser, jf. naturmangfaldlova § 14. Det vises til nærmare omtale av påverknadsfaktorar og interesser, omtale av relevante tema under kapittel 5 og 6. Føreslegne verneforskrift opnar for at pågåande aktivitetar i all hovudsak kan bli vidareført. Gjennom avgrensing av området og gjennom direkte unntak eller spesifiserte dispensasjonsbestemmelser i verneforskrifta, er det tatt omsyn til ulike interesser.

Ei vellukka gjennomføring forutset at det blir avsett tilstrekkelege ressursar til eit velfungerande forvaltingssystem som støtter opp under arbeidet med langsiktig beskyttelse av verneverdiane i området. Dette omfattar utarbeiding av forvaltningsplan, kartleggingar og overvaking. God dialog med kommunane og god informasjon til brukare om verneverdiar og vernereglar er sentralt.

Vi anbefaler at Dalsfjorden blir verna som marint verneområde med heimel i naturmangfaldlova § 39. Vi viser til vedlagte forslag til verneforskrift. Vi viser også til kopi av Statsforvaltarens tilråding, høyringsinnspel og uttalar. Vi sluttar oss til Statsforvaltarens forslag til avgrensing, og viser til kartet i Statsforvaltarens tilråding.